



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 15

(2006–2007)

Om verksemda i Avinor 2006–2008



Innhald

1	Innleiing og samandrag	5	5	Avinors planar for 2006–2008	27
1.1	Innleiing.....	5	5.1	Tryggleik.....	27
1.2	Samandrag	6	5.1.1	Viktige prosjekt knytte til flytryggleik drifta av lufthamnene	27
2	Evaluering av organisering og tilknytingsform	10	5.1.2	Viktige prosjekt knytte til flytryggleik innan flysikring	28
2.1	Bakgrunn.....	10	5.2	Økonomi.....	28
2.2	Avinor frå forvaltingsorgan til statleg aksjeselskap	10	5.3	Marknad.....	32
2.3	Organisering av tenester knytte til flytryggleik	11	5.4	Tilbringarteneste, miljø og samfunn	34
2.4	Tilknytingsform til staten	13	5.5	Flysikringstenesta.....	35
2.5	Samferdselsdepartementets vurdering	15	5.6	Kommentarar frå Samferdselsdepartementet	36
2.6	Samferdselsdepartementets konklusjon.....	16	5.6.1	Flytryggleik	36
3	Viktige rammevilkår for Avinor	17	5.6.2	Økonomi.....	36
3.1	Samfunnsplåagde oppgåver.....	17	5.6.3	Marknad.....	38
3.2	Regelverk fastsett av norske styresmakter.....	18	5.6.4	Tilbringarteneste, miljø og samfunn	39
3.3	Regelverk fastsett av EU.....	19	5.6.5	Flysikringstenesta.....	40
4	Verksemnda i Avinor i 2003–2005	22	6	Avkastingskrav og utbytte	42
4.1	Rapportering frå Avinor	22	6.1	Verdivurdering av Avinor	42
4.1.1	Tryggleik	22	6.2	Avkastingskrav	43
4.1.2	Økonomi.....	23	6.3	Utbyttepolitikk.....	43
4.1.3	Marknad	24	7	Økonomiske og administrative konsekvensar	44
4.1.4	Samfunnsnytta av luftfarten.....	24	Vedlegg		
4.1.5	Overtid og sjukefråvær	25	1	Vedtekter for Avinor AS	45
4.2	Kommentarar frå Samferdselsdepartementet.....	25	2	Avinor – § 10 plan – Plan for virksomheten 2006–2008.....	47

Utrykte vedlegg:

Avinor - § 10-plan - Plan for virksomheten 2005-2007. Avinor, 2005

Evaluering av Avinors organisering og tilknytningsform. Rapport fra en intern arbeidsgruppe i Samferdselsdepartementet, avgitt oktober 2005

Evaluering av Avinor AS' organisasjon. Booz Allen Hamilton, 2006

Verdivurdering av Avinor AS. 15.12.05 for Samferdselsdepartementet. Deloitte

Oppdatert verdivurdering av Avinor AS. 4.10.06 for Samferdselsdepartementet. Deloitte



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 15

(2006–2007)

Om verksemda i Avinor 2006–2008

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 15. desember 2006,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing og samandrag

1.1 Innleiing

Avinor AS vart oppretta 1. januar 2003 ved at den dåverande forvaltingsbedrifta Luftfartsverket vart omdanna til eit heileigt statleg aksjeselskap, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2002-2003) og B.Innst.S.nr. 13 Tl.01 (2002-2003). Eigarskapen blir forvalta av Samferdselsdepartementet.

I tråd med det styringsopplegget som vart etablert då selskapet vart danna, legg Samferdselsdepartementet med dette fram den andre stortingsmeldinga om verksemda i Avinor. Formålet med meldinga er å orientere Stortinget om utviklinga i selskapet sidan den førre eigarmeldinga som vart lagt fram av Regjeringa Bondevik II, jf. St.meld. nr. 36 (2003-2004) og Innst. S. nr. 262 (2003-2004). Meldinga skal vidare orientere om hovudutfordringar, planar og strategiar for Avinor for dei neste åra, og gjere greie for korleis Samferdselsdepartementet vurderer desse. Meldinga skal danne grunnlaget for eigarstyringa av selskapet. Spesielt med denne eigarmeldinga er at ho òg drøftar spørsmål rundt den interne organiseringa av Avinor og korleis selskapet skal knytast til staten.

Konsernet Avinor omfattar morselskapet Avinor AS og dotterselskapa Oslo Lufthavn AS, Oslo Lufthavn Eiendom AS, Avinor Parkeringsanlegg AS, Flesland Eiendom AS og Værnes Eiendom

AS. Når ikkje anna er sagt i denne meldinga, vil ein med «Avinor» meine heile konsernet.

Vedtektene til Avinor følgjer denne meldinga som trykt vedlegg (vedlegg 1). Ifølgje § 10 i vedtektene skal selskapet kvart år leggje fram ein plan for samferdselsministeren. Kvartanna år skal denne såkalla § 10-planen danne grunnlaget for ei stortingsmelding om verksemda i Avinor.

§ 10-planen skal omfatte heile verksemda, inkludert dotterselskap, og gi eit oversyn over:

- Hovudverksemda i konsernet dei neste åra, medrekna større omorganiseringar, vidareutvikling av eksisterande verksemdar og utvikling av nye.
- Den økonomiske utviklinga i konsernet, medrekna utviklinga i luftfartsavgiftene.
- Investeringsnivået i konsernet, medrekna tilpassing av infrastrukturen til statleg kjøp av flyrutetenester.

Avinor sende § 10-planen for perioden 2006-2008 til Samferdselsdepartementet 29. mars 2006. Planen er med på å danne grunnlaget for denne meldinga og følgjer meldinga som trykt vedlegg (vedlegg 2). På nokre område har det skjedd ei utvikling sidan § 10-planen vart lagt fram. Dette er det teke omsyn til i meldingsteksta. Fjorårets § 10-plan er lagt ved som uttrykt vedlegg.

Politiske målsetjingar med Avinor

Den overordna oppgåva for Avinor er å leggje forholda til rette for ein sikker, miljøvennleg og effektiv luftfart i alle delar av landet.

Luftfarten spelar ei viktigare rolle i transportmønsteret i Noreg enn i dei fleste europeiske land. Spesielt er innanriks luftfart viktig. Årsaka til dette er store avstandar og ein utfordrande topografi. Noreg har òg, i større grad enn mange andre land, satsa på å behalde ei spreidd busetjing. Eit finmaska nett av flyplassar i heile landet er med på å sikre rask og effektiv transport innanlands. Dette reduserer avstandsulempene og bidreg til å sikre sysselsetjing og busetjing i alle delar av landet. Med ei plassering i utkanten av Europa, og med ein eksportretta økonomi, er det òg viktig at Noreg har gode flysamband til og frå utlandet.

I den politiske plattformen for Regjeringa (Soria Moria-erklæringa) har Regjeringa sett opp følgjande mål for Avinor:

- Både kortbanenettet og stamlufthamnene er ein viktig del av infrastrukturen i landet. Det skal sikrast eit flyplassnett som gir eit tidsmessig flytilbod i heile landet. Ordninga med at overskottsflyplassar betaler for dei ulønnsame flyplassane skal vidareførast.
- Dagens lufthamnstruktur skal oppretthaldast, så sant det ikkje er eit uttrykt ønske lokalt om å leggje ned ein flyplass. Dette må i tilfelle skje etter ein grundig prosess, der alle som saka gjeld, har vorte høyrde.
- Best mogleg tryggleik og regularitet på kortbaneflyplassane skal sikrast gjennom å betre innflygingsutstyret på flyplassane.
- I samarbeid med leiinga og dei tilsette skal organiseringa av Avinor evaluerast, med sikte på å ta best mogleg vare på samfunnsomsyn, spesielt flytryggleik.

Samferdselsdepartementet har fleire roller overfor Avinor, både som eigar og styresmakt. For Samferdselsdepartementet er det viktig å sjå desse rollene i samanheng. Denne meldinga vil difor ikkje berre avgrense seg til den reine eigarrolla, men kjem til å ta for seg departementets samla bruk av verkemiddel overfor Avinor.

Avinor har dei seinaste åra gjennomført vesentlege omstillingar. For Samferdselsdepartementet er det viktig at Avinor held fram arbeidet med sikte på ei mest mogleg kostnadseffektiv drift også i tida framover.

Nærare om Avinor

Avinor har ansvaret for å planleggje, byggje ut og drive både lufthamner og flysikringstenester i Noreg. Avinor har ansvaret for 46 statlege lufthamner rundt omkring i landet, medrekna 25 kortbaneflyplassar og ein helikopterlandingsplass. 12 lufthamner blir drivne i samarbeid med Forsvaret. Med unntak av eit mindre tal ikkje-statlege lufthamner som driv si eiga flygeinformasjonsteneste, er Avinor eineleverandør av flysikringstenester til både sivil og militær luftfart. Flysikringstenesta omfattar kontrolltårn på lufthamnene, tre kontrollsentralar og dessutan teknisk utstyr for flynavigasjon. Figur 1.1. viser lufthamnene, tårna og kontrollsentralane i Avinor.

Forholdet mellom Forsvaret og Avinor er regulert gjennom eit eige avtaleverk. Samferdselsdepartementet og Forsvarsdepartementet vurderer no om dette avtaleverket skal reforhandlast.

Då Avinor vart danna, vart det slått fast at selskapet skal, i tråd med lover og konsesjonar, utføre dei same samfunnsplåagde oppgåvene som det dåverande Luftfartsverket utførte. Dette omfattar òg planlegging og utgreiing innan luftfartssektoren og ivaretaking av beredskapsoppgåver. Dette er òg teke inn i vedtektene til Avinor.


Avinor er i dag fullt ut sjølvfinansiert. Vel 60 prosent av inntektene er inntekter frå avgifter som flyselskapa betaler for bruken av tenestene frå Avinor. Resten av inntektene er såkalla kommersielle inntekter, det vil seie inntekter frå parkeringsverksemd, hotellverksemd, utleige av areal og avgiftsfritt sal på lufthamnene.

1.2 Samandrag

Kapittel 2: Evaluering av organisering og tilknytingsform

I tråd med Soria Moria-erklæringa har Samferdselsdepartementet evaluert den interne organiseringa av dei tenestene i Avinor som er viktige for flytryggleiken, og dessutan forma for tilknytning til staten for selskapet. Evalueringa har vore gjennomført i samarbeid med leiinga og representantar for dei tilsette i Avinor. Formålet med evalueringa har vore å sikre at samfunnsomsyn blir best mogleg ivareteke, spesielt omsynet til flytryggleik.

Evalueringa viser at omsynet til flytryggleiken er tilfredsstillande ivareteke med dagens organisering og tilknytning til staten for Avinor. Organiseringa av tenestene knytte til flytryggleik og forma



Figur 1.1 Lufthamner, tårn og kontrollsentralar i Avinor

for tilknytning til staten har heller ikkje vore noka hovudårsak, verken til den uroa ein har sett i selskapet eller dei problema med kapasiteten ein finn i flysikringstenesta. Evalueringa gir såleis ikkje grunnlag for å endre verken den overordna organiseringa av Avinor eller forma for tilknytning til staten for selskapet.

Samferdselsdepartementet tilrår difor at Avi-

nor held fram som eit integrert selskap med ansvar for både flysikring og lufthamndrift. Likeins går Samferdselsdepartementet inn for at Avinor held fram som eit heileigt statleg aksjeselskap under Samferdselsdepartementet. Samferdselsdepartementet vil nytte dei styringsinstrumenta som eksisterer i dag, for å sikre at Avinor ivaretek samfunnsomsyn.

Kapittel 3: Viktige rammevilkår for Avinor

Som eigar pålegg Samferdselsdepartementet Avinor å utføre ei rekkje samfunnspålagde oppgåver. Samferdselsdepartementet legg i denne meldinga ikkje opp til noka endring i dei samfunnspålagde oppgåvene for Avinor.

Den viktigaste av dei samfunnspålagde oppgåvene er at Avinor skal drive dei lufthamnene som Stortinget og Regjeringa ønskjer å oppretthalde. Vidare skal Avinor utføre oppgåver innan planlegging og utgreiing, yte støtte til Forsvaret, halde lufthamnene opne for ambulansefly og ambulanshelikopter, leggje forholda til rette for personar med redusert funksjonsevne, og dessutan arbeide for at transporten til og frå lufthamnene kan gå føre seg med kollektive transportmiddel. For Oslo lufthamn, Gardermoen er det eit mål at kollektivdelen i tilbringartenesta skal liggje på minst 50 prosent. Kollektivdelen ligg i dag over dette målet.

Som styresmakt for luftfarten fastset Samferdselsdepartementet regelverk som har konsekvensar for Avinor. Viktig nasjonalt regelverk som vil ha konsekvensar for Avinor dei neste åra, er forskrift om utforming av store flyplassar og forskrift om førebygging av støy ved Oslo lufthamn, Gardermoen. Viktig regelverk frå EU/EØS er regelverk for det felleseuropeiske luftrommet, regelverk for beredskap mot terror og sabotasje, regelverk for å sikre rettane til funksjonshemma passasjerar og passasjerar med redusert mobilitet, og dessutan eit komande generelt regelverk for lufthamnavgifter.

Kapittel 4: Verksemda i Avinor 2003–2005

Avinor AS vart etablert 1. januar 2003. Selskapet var då i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Eit resultatsforbetringsprogram, «Take-off -05», skulle medverke til å redusere kostandene. Omstillingar i samband med «Take-off -05» har hovudsakleg vore gjennomførde innan drifta av lufthamnene.

Innan flysikringstenesta har det vore uro og vanskeleg å gjennomføre omstillingar. I 2005 var det fleire driftsavbrott i denne delen av Avinor. For å medverke til ro i selskapet, trekte administrerande direktør seg på slutten av 2005. Ny administrerande direktør tok til i april 2006. Vidare vart ny styreleiar oppnemnd i ekstraordinær generalforsamling i mai 2006.

Statens havarikommisjon for luftfart og jernbane (no Statens havarikommisjon for transport)

la i 2005 fram ein rapport om flytryggleiken i norsk luftfart under omstillingsprosessar. I rapporten kom kommisjonen mellom anna med fem konkrete tilrådingar retta mot interne forhold i Avinor. Ifølgje Avinor har rapporten gitt eit viktig bidrag til arbeidet med flytryggleiken i selskapet.

Som følgje av omstillingar og trafikkvekst hadde Avinor ei positiv økonomisk utvikling både i 2004 og 2005. På denne bakgrunn kunne Samferdselsdepartementet setje ned takstane til Avinor med 2,9 prosent i 2005. Utbetalingane av venteløn i samband med omstillingane har vist seg lågare enn venta.

Kapittel 5: Avinors planar for 2006–2008

I tråd med Soria Moria-erklæringa vil Samferdselsdepartementet oppretthalde dagens lufthamnstruktur. Forskrift om utforming av store flyplassar vil betre tryggleiken på norske flyplassar. Forskrifta vil krevje investeringar på nærare 1,7 milliardar kroner på dei 25 kortbaneflyplassane i Avinor dei nærmaste åra. Forskrifta vil òg krevje investeringar på dei andre lufthamnene i Avinor. Det er førebels noko usikkert på kva kostnadene vil bli på desse lufthamnene, men Avinor oppgir eit tal mellom tre hundre millionar og ein milliard kroner.

I Soria Moria-erklæringa heiter det at best mogleg tryggleik og regularitet på kortbaneflyplassane skal sikrast gjennom å betre innflygingsutstyret på flyplassane. Avinor har som mål gradvis å ta i bruk eit satellittbasert innflygingssystem på kortbaneflyplassane frå 2007 og utover.

Fleire andre prosjekt innan flysikring vil medverke til å auke tryggleiken og kapasiteten i norsk luftrom dei neste åra. Dette gjeld nytt innflygingssystem for Austlandet, utskifting av flykontrollsystemet, utbygging av nye radarar og etablering av kontrollert luftrom på delar av norsk kontinentalsokkel.

Avinor står overfor økonomiske utfordringar dei nærmaste åra, mellom anna i samband med forskrift om utforming av store flyplassar. Samstundes er Avinor inne i ein periode med trafikkvekst og ei positiv økonomisk utvikling. I tillegg til takstreduksjonen på 2,9 prosent i 2005, kunne Samferdselsdepartementet setje ned takstane med 4,5 prosent i 2006. Endringar i opplegget for meirverdiavgifta frå og med 2005 har gitt Avinor ein gevinst på meir enn 350 mill. kr. Mellom anna på denne bakgrunn har ikkje Samferdselsdepartementet funne det nødvendig å kjøpe lufthamntenester frå Avinor, verken i 2006 eller i 2007.

For Samferdselsdepartementet er det viktig at Avinor held fram arbeidet med sikte på ei mest mogleg kostnadseffektiv drift dei neste år.

I tråd med Soria Moria-erklæringa vil ordninga med krysssubsidiert mellom bedriftsøkonomisk lønnsame og ulønnsame flyplassar i Avinor halde fram. Samferdselsdepartementet legg i utgangspunktet ikkje opp til å gå inn att med statleg kjøp av lufthamtenester dei nærmaste åra. Av dette følgjer det at Samferdselsdepartementet legg til grunn at kostnadene i samband med forskrift om utforming av store flyplassar skal finansierast gjennom intern krysssubsidiert i Avinor.

Luffarten er likevel ei omskifteleg næring. Behovet for kjøp vil difor bli vurdert konkret i samband med dei årlege budsjettprosessane. Samferdselsdepartementet stiller seg i utgangspunktet positivt til ein vidare reduksjon i takstnivået. Utviklinga i takstnivået og innretinga av takstane vil bli vurdert i samband med den årlege fastsetjinga av takstregulativet til Avinor.

I tillegg til dei investeringane som er knytte til trygggleik, og som er nemnde over, vil Avinor investere store beløp på lufthamnene dei nærmaste åra. Viktige prosjekt er terminalbygget ved Stavanger lufthamn, Sola og bagasjehandteringssystemet på Oslo lufthamn, Gardermoen. Sterk trafikkvekst kan gjere det nødvendig å byggje ein ny terminal to ved Oslo lufthamn, Gardermoen tidlegare enn planlagt.

Avinor har i dag likviditetsreservar på 2,3 milliardar kroner og ei langsiktig renteberande gjeld på 7,0 milliardar kroner, hovudsakleg knytt til eit lån frå staten til Oslo Luftahvn AS. Som følgje av store investeringar dei nærmaste åra, kan Avinor få behov for å ta opp lån i den private marknaden. Avinor ser for seg ein lånebehov på maksimalt to milliardar kroner.

Som nemnt har det vore vanskeleg å gjennomføre omstillingar i flysikringstenesta. Mangel på flygeleiarar har ført til problem med kapasiteten, noko som har råka både sivil og militær luftfart. Avinor har sett i verk tiltak for å utnytte dagens flygeleiar kapasitet best mogleg. For å betre situasjonen på litt lengre sikt, vil Avinor utdanne fleire flygeleiarar i tida framover.

Kostnadene i flysikringstenesta har auka, mellom anna som følgje av lønnsoppgjere for flygeleiarane våren 2006. Samferdselsdepartementet vil understreke at det er viktig at Avinor held fram arbeidet med sikte på ei mest mogleg kostnadseffektiv drift av flysikringstenesta.

Kapittel 6: Avkasting og utbytte

Ei oppdatert verdivurdering av Avinor gir ein marknadsmessig verdi av eigenkapitalen i selskapet på 8,3 milliardar kroner. Avkastingskravet for eigen- og totalkapitalen etter skatt blir justert ned til høvesvis 9,70 og 6,45 prosent. Avkastingskravet vil bli sett i lys av at Avinor er pålagt å gjere investeringar som ikkje er bedriftsøkonomisk lønnsame.

Samferdselsdepartementet tek sikte på å vidareføre den utbyttepolitikken for Avinor som er foreslått i St.prp. nr. 1 (2006-2007). Dette inneber at utbyttet frå Avinor skal fastsetjast på grunnlag av statens innlånsrente multiplisert med den marknadsvurderde eigenkapitalen. Utbyttet skal avgrensast oppover til 75 prosent av overskottet i konsernet etter skatt. Samferdselsdepartementet er oppteke av at selskapet og styret kan gjennomføre investeringar som sikrar ei langsiktig og god utvikling av selskapet og som gjer at selskapet kan ivareta samfunnsoppgåvene og sektoroppgåvene sine.

Kapittel 7: Økonomiske og administrative konsekvensar

Kostnadene i samband med forskrift om utforming av store flyplassar vil bli finansierte gjennom intern krysssubsidiert i Avinor. Dette vil gi høgare avgifter for brukarane av tenestene frå Avinor enn det ein elles ville ha fått.

Elles reknar ikkje Samferdselsdepartementet med at nokre av tiltaka i denne meldinga vil gi andre vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar, verken for selskapet, staten eller samfunnet elles.

2 Evaluering av organisering og tilknytning

Samferdselsdepartementet har evaluert den interne organiseringa av dei tenestene i Avinor som er viktige for flytryggleiken. Departementet har vidare vurdert ulike former for tilknytning til staten for heile eller delar av selskapet. Resultatet frå evalueringa ligg føre i ein eigen rapport frå Samferdselsdepartementet. Rapporten ligg ved denne stortingsmeldinga som uttrykt vedlegg.

2.1 Bakgrunn

Av Soria Moria-erklæringa går det fram at Regjeringa vil: «[...]i samarbeid med ledelsen og de ansatte evaluere organiseringen av Avinor, med sikte på best mulig ivaretagelse av samfunnshensyn, spesielt flysikkerhet».

Ein annan bakgrunn for evalueringa er rapporten «Flysikkerhet i norsk luftfart under omstillingsprosesser». Rapporten vart lagd fram av Havarikommissjonen for sivil luftfart og jernbane (no Statens havarikommissjon for transport) i august 2005. I rapporten tilrådde kommissjonen at Samferdselsdepartementet burde «[...]vurdere å trekke erfaringer fra og evaluere nåværende modell/løsning for statlig eierskap/styring av flysikringstjenester og lufthavndrift.»

Målet for evalueringa har vore å tilrå ei organisering og form for tilknytning som best mogleg legg til rette for ein sikker, punktleig og effektiv luftfart innanfor dei økonomiske og administrative rammene som gjeld for verksemda.

Sentrale punkt i evalueringa har vore følgjande:

- Vurdere kva for oppgåver (flysikringstenester og eventuelt andre tenester og funksjonar) i Avinor som er viktige for flytryggleiken.
- Gjere greie for fordelar og ulemper ved å ha flysikringstenesta, og eventuelt andre oppgåver som er viktige for flytryggleiken, innanfor *ein* organisasjon, og ved å etablere ei eiga organisasjonseining for oppgåver som har verknad på flytryggleiken.
- Gjere greie for internasjonale utviklingstrekk innan organiseringa av lufthamner og flysikringstenester.

- Vurdere kva for organisering og form for tilknytning som er best eigna til å realisere dei måla som er sette for det statlege engasjementet i drifta av lufthamner og flysikringstenester. Vurderinga skal gjelde både Avinor og eventuelle nye einingar dersom det blir tilrådt å skilje ut delar av verksemda.

For å vurdere kva oppgåver i Avinor som er viktige for flytryggleiken, og for å vurdere organiseringa av desse oppgåvene, engasjerte Samferdselsdepartementet konsulentfirmaet Booz Allen Hamilton. Konsulenten har òg gjort greie for internasjonale utviklingstrekk innan organiseringa av lufthamner og flysikringstenester. Rapporten frå Booz Allen Hamilton følgjer denne meldinga som uttrykt vedlegg.

Samferdselsdepartementet har for eigen del vurdert ulike former for tilknytning til staten.


Leiinga og representantar for organisasjonane til dei tilsette i Avinor har hatt høve til å kome med kommentarar og innspel undervegs i evalueringa.

Med utgangspunkt i konsulentutgreiinga om organiseringa av oppgåvene knytte til tryggleik, egne vurderingar av former for tilknytning og innspel frå leiinga og representantar for organisasjonane til dei tilsette i Avinor, har Samferdselsdepartementet vurdert organiseringa og forma for tilknytning for Avinor. Målet har vore å finne ei organisering og form for tilknytning som er best eigna til å realisere dei måla som er sette for det statlege engasjementet i drifta av lufthamner og flysikringstenester.

2.2 Avinor frå forvaltingsorgan til statleg aksjeselskap

I det følgjande blir det gitt ei oversikt over utviklinga av Luftfartsverket frå eit ordinært forvaltingsorgan fram til det statleg heileigde aksjeselskapet Avinor.

- *NOU 1988: 31 Sivil luftfart – organisasjon, styring og tilsyn*: Utvalet foreslo å gjere det dåve-



Figur 2.1 Organisasjonskart for Avinor

randede forvaltingsorganet Luftfartsverket om til ei forvaltingsbedrift.

- *St.prp. nr. 33 (1991-1992) Omorganisering av Luftfartsverket*: I proposisjonen foreslo Regjeringa at Luftfartsverket skulle omorganiseras til ei forvaltingsbedrift. Det vart lagt vekt på at denne organisasjonsmodellen ville leggje til rette for meir omfattande fullmakter innan budsjett, organisering og personalforvaltning, samstundes som verksemda framleis ville vere ein del av statsforvaltninga. Ved behandlinga av Innst. S. nr. 83 (1991-1992) slutta Stortinget seg til omorganiseringa.
- *St.prp. nr. 66 (1998-1999) Om tilsyn og myndighet i luftfarten og om tilknytningsform for Luftfartsverket*: I proposisjonen vart det foreslått å skilje ut forvaltings- og tilsynsoppgåvene frå Luftfartsverket og samstundes etablere Luftfartsverket utan desse oppgåvene som eit heileigst statleg aksjeselskap. Ved behandlinga av Innst. S. nr. 226 (1998-1999) slutta Stortinget seg til forslaget om å etablere eit nytt tilsynsorgan – Luftfartstilsynet – men sende forslaget om etablering av eit statsaksjeselskap attende til Regjeringa.
- *St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2002-2003) Om omdanning av Luftfartsverket til aksjeselskap og om Flytoget AS, BaneTele AS og Ryfylkepakken*: I

dette tillegget til statsbudsjettet for 2003 foreslo Regjeringa at Luftfartsverket skulle etablerast som eit heileigst statleg aksjeselskap frå 1. januar 2003. I forslaget vart det vist til at det i modellen med forvaltingsbedrift ikkje var mogleg med full finansiell samordning mellom underliggjande aksjeselskap og kjerneverksemda. Vidare vart det vist til at ei omdanning til aksjeselskap ville gi utvida økonomisk ansvar og handlefridom for styret og leiinga, og dermed medverke til større grad av marknadsretting både for den kommersielle verksemda og for sjølve drifta av lufthamnene. Det vart òg trekt fram at med eit aksjeselskap ville den langsiktige økonomiske planlegginga ikkje lenger vere avhengig av dei årlege budsjettprosessane. I B.Innst. S. nr. 13 Tl.01 (2002-2003) slutta Stortinget seg til forslaget, og Avinor AS vart skipa 1. januar 2003.

2.3 Organisering av tenester knytte til flytryggleik

Dagens organisering av Avinor

Avinor er organisert i ein flysikringsdivisjon, tre lufthamndivisjonar og datterselskapet Oslo Luft-

havn AS som driv Oslo lufthamn, Gardermoen. Figur 2.1 viser dagens organisasjonskart for Avinor.

I Avinor er i utgangspunktet alle flysikrings-tenestene samla i Flysikringsdivisjonen Boks 2.1 viser dei ulike funksjonane innan flysikrings-tenesta. Drifta av lufthamnene er samla i dei tre lufthamndivisjonane og Oslo Lufthavn AS. Det er to unntak frå denne regelen: Oslo Lufthavn AS har sjølv ansvaret for flynavigasjonstenesta, og flygeinformasjonstenesta (AFIS) er i all hovudsak lagd til divisjonen for regionale lufthamner.

Både Flysikringsdivisjonen og lufthamndivisjonane, inkludert Oslo Lufthavn AS, har ansvar for oppgåver som har verknad på flytryggleiken. Flysikringstenesta har ansvaret for å leie flya trygt fram, både i lufta og på bakken etter at dei har landa. Dei andre oppgåvene på lufthamnene som har verknad for flytryggleiken, er lagde til lufthamndivisjonane og Oslo Lufthavn AS. Desse såkalla bakketenestene omfattar tenester som brann- og redningsteneste, avising og brøyting på rullebanene, tilsyn med banelys osv. Lufthamndivisjonane og Oslo Lufthavn AS har òg ansvaret for beredskapstiltak mot terror og sabotasje («security»).

Hovudpunkt i utgreiinga frå Booz Allen Hamilton

Booz Allen Hamilton har kartlagt og vurdert organiseringa av dei oppgåvene i Avinor som har verknad på flytryggleiken. Konsulenten konkluderer med at fordelinga av ansvaret og arbeidsoppgå-

vene mellom Flysikringsdivisjonen og lufthamndivisjonane, inkludert Oslo Lufthavn AS, i dag er tydeleg og klart forstått i organisasjonen. Konsulenten viser vidare til at denne måten oppgåvene knytte til tryggleik er organiserte på i Avinor i dag, er i samsvar med internasjonale tilrådingar og internasjonal praksis. Konsulenten refererer i denne samanhengen til anneks 14 til Chicago-konvensjonen, der det heiter at bakketenester bør organiserast og drivast saman med den samla flyplassverksemda. Ifølgje Booz Allen Hamilton er plasseringa av flygeinformasjonstenesta i organisasjonen einaste unntaket frå internasjonal praksis. Ifølgje konsulenten ville denne tenesta i andre land typisk liggje i Flysikringsdivisjonen.

Ut frå dette konkluderer konsulenten med at organiseringa av dei tenestene i Avinor som er viktige for flytryggleiken, verkar formålstenleg.

Booz Allen Hamilton viser til at dei utfordringane selskapet har hatt i den seinaste tida, og som har ført til problem for trafikkavviklinga, først og fremst skriv seg frå interne konflikhtar knytte til innhald, og særleg tempo, i dei omstillingane som Avinor har vore gjennom. Det blir peikt på at det er for få flygeleiarar, og at dette er eit problem som ikkje vil kunne løysast på kort sikt. Konsulenten viser òg til at kanselleringane og dei problema med regulariteten som følgde arbeidskonfliktane rundt årsskiftet 2005-2006, ikkje direkte svekte flytryggleiken. Avinor reduserte talet på flygingar då flygeleiarbemanninga vart for låg, nettopp for å følgje krav frå styresmaktene, og dermed halde flytryggleiken på eit godt og korrekt nivå.

I Noreg har Avinor ansvaret for både lufthamner og flysikringstenester. Konsulenten peikar på at det å plassere flysikringstenester og drifta av lufthamner i same organisasjon, etter kvart er vorte mindre vanleg internasjonalt, og konsulenten kan ikkje sjå at ein oppnår noko spesielt med ei slik integrert løysing.

Booz Allen Hamilton peiker elles på at både innan drift av lufthamner og flysikringstenester går den generelle utviklinga internasjonalt i retning av auka konkurranse og privatisering. Spesielt viser konsulenten til at etableringa av det felleseuropeiske luftrommet vil opne for konkurranse mellom leverandørar av flysikringstenester. Det felleseuropeiske luftrommet vil òg føre til at leverandørane av flysikringstenester vil møte skjerpa krav om å vere opne når det gjeld kostnadene og fastsetjinga av takstane.

Samferdselsdepartementet gir ein meir detaljert gjennomgang av det felleseuropeiske luftrommet i kapittel 3.3. Konsekvensane av regelverket for

Boks 2.1 Funksjonar i flysikringstenesta

Flysikringstenesta blir delt i:

- Lufttrafikkleiinga: Omfattar mellom anna av lufttrafikktenesta og flygeinformasjonstenesta:
 - Lufttrafikktenesta: Kontrollerer luftrommet og blir delt i undervegstenesta, innflygingstenesta og tårntenesta.
 - Flygeinformasjonstenesta (AFIS): Gir råd og opplysningar for flyging i ukontrollert luftrom på kortbanenettet.
- Flynavigasjonstenesta: Har ansvaret for investeringar i og drift av flynavigasjonsanlegg.
- Flyvêrtenesta: Har ansvaret for observasjon, varsling og formidling av meteorologiske opplysningar. Blir ikkje nærare omtala i meldinga.

Avinor blir omtala i kapittel 5.5. Kommenterarar frå Samferdselsdepartementet følgjer i kapittel 5.6.5.

På bakgrunn av utgreiingane sine trekkjer Booz Allen Hamilton fram tre alternativ til den måten Avinor er organisert på i dag. Alle alternativa legg opp til eit klårare skilje mellom flysikringstenestene og drifta av lufthamnene:

- *Alternativ A*: Flygeinformasjonstenesta blir overført frå lufthamndivisjonane til Flysikringsdivisjonen.
- *Alternativ B*: Flysikringsdivisjonen, inkludert flygeinformasjonstenesta, blir etablert som eit eige dotterselskap innanfor Avinor-konsernet.
- *Alternativ C*: Same som B, men Flysikringsdivisjonen blir etablert som eit eige selskap utanfor Avinor-konsernet, men framleis under Samferdselsdepartementet.

Under alternativ B og C foreslår konsulenten at flynavigasjonstenesta ikkje bør følgje med over i dei nye selskapa. Når det gjeld alternativ C, viser konsulenten til at det vil vere relativt kostnadskrevjande å etablere eit slikt selskap. Samstundes er konsulenten i tvil om det enno finnst nokon marknad for eit slikt selskap.

Samferdselsdepartementets vurdering

Samferdselsdepartementet vil kome attende til sine synspunkt på rapporten frå Booz Allen Hamilton etter å ha vurdert forma for tilknytning til staten for Avinor i kapittel 2.4. under. Samferdselsdepartementet vil trekkje sine endelege slutningar rundt organiseringa og forma for tilknytning i kapittel 2.5.

2.4 Tilknytning til staten

Alternative former for tilknytning

Samferdselsdepartementet vil vise til at det er vanleg å skilje mellom to hovudkategoriar når det gjeld form for tilknytning til staten for statlege verksemder:

- Forvaltingsorgan og forvaltingsbedrift som juridisk er ein del av staten.
- Juridisk sjølvstendige organisasjonsformer, det vil seie sjølvstendige statlege verksemder som for eksempel aksjeselskap.

Det sentrale i styringa av forvaltingsorgan og forvaltingsbedrifter er at dei er lagde direkte under kvart einskild fagdepartementet som dermed har

rett til å innstruere slike forvaltingsorgan og forvaltingsbedrifter. Departementet kan såleis gjennom instruksar som er nedfelte i eigne dokument, vedtak i saker og gjennom generelle økonomiske og administrative rammer detaljstyre verksemda.

Dersom staten går inn for å etablere ei verksemd som ei sjølvstendig juridisk eining, oppstår ein styringssituasjon som er grunnleggjande annleis enn om verksemda ligg innanfor statsforvaltninga. I eit aksjeselskap er det styret og den daglege leiinga som er ansvarlege for forvaltninga av selskapet. Staten har ikkje lenger rett til å innstruere selskapet direkte. Det er likevel mogleg med ei omfattande styring, framfor alt ved aktiv utøving av eigarretten, men òg ved bruk av andre styringsmiddel. Dersom eigaransvaret ikkje blir følgd aktivt opp, vil dette kunne føre til politisk og eventuelt òg konstitusjonelt ansvar.

Det viktigaste kriteriet ved val av form for tilknytning er om funksjonen og oppgåvene i verksemda krev tett oppfølging frå styresmaktene med høve til løpande bruk av instruksjon. Dersom det er slik, vil det vere naturleg å organisere verksemda som ein del av staten, det vil seie som forvaltingsorgan eller forvaltingsbedrift.

Dersom funksjonen og oppgåvene i verksemda krev handlingsrom for dei som har ansvaret for den løpande styringa, eller andre forhold tilseier avstand til politiske styresmakter, bør ei rettsleg sjølvstendig form for organisering nyttast. Det same gjeld dersom staten ved det aktuelle fagdepartementet ikkje finn det nødvendig eller formålstenleg å bruke ressursar og kapasitet på direkte styring og kontroll med den daglege leiinga av verksemda, og meiner det er forsvarleg å overlata dagleg drift til eit styre og ei leiing som har tilstrekkeleg med fullmakter og ansvar.

I realiteten treng det ikkje vere så stor skilnad i den politiske styringa av ei forvaltingsbedrift og eit statsaksjeselskap. Det har vore nokså vanleg å gje forvaltingsbedrifter vidast mogleg fullmakter. Samstundes er det ingen formelle hinder for ei relativt tett oppfølging av eit statsaksjeselskap frå eigardepartementet.

Nærare om statleg styring av statsaksjeselskap

Samferdselsdepartementet er både eigardepartement og sektordepartement for Avinor og disponerer på denne måten ei rekkje verkemiddel overfor selskapet.

Det overordna grunnlaget for eigarstyringa av Avinor og liknande statleg eigde aksjeselskap blir fastsett i eigarmeldingane som blir lagde fram for

Stortinget kvartanna år. Avinor skal leggje fram ein såkalla § 10-plan kvart år, jf. § 10 i vedtektene til selskapet. Kvartanna år skal planen leggje grunnlaget for eigarmeldingane.

Som eigar er samferdselsministeren generalforsamling i Avinor og peikar som generalforsamling ut eigarrepresentantane til styret. Saker som er vesentlege for samfunnet eller betyr mykje, skal ifølgje § 10 i vedtektene til Avinor leggjast fram for samferdselsministeren. Dette sikrar at samferdselsministeren blir kjend med dei aktuelle sakene og får høve til å gripe inn overfor styret dersom han eller ho finn det nødvendig. Dersom samferdselsministeren ønskjer å gi styret pålegg, vil slike pålegg bli gitt gjennom vedtak på generalforsamlingsmøte. Nokre saker vil kunne vere såpass viktige at dei må behandlast av Stortinget før dei kan setjast i verk.

Sidan det i eit aksjeselskap er styret og den daglege leiinga som er ansvarleg for forvaltninga av selskapet, spelar styret ei viktig rolle i utviklinga av selskapet. Gjennom å velje ut styrerepresentantar som har ein god balanse mellom fagkompetanse og samfunnsorientering, kan eigaren sikre at selskapet utviklar seg i tråd med dei overordna rammene som er trekte opp av Stortinget og eigardepartementet.

Andre verkemiddel for eigaren er fastsetjing av formål og vedtekter for selskapet, fastsetjing av avkastingskrav og utbytte, tilførsel eller uttak av eigenkapital, og dessutan kontaktmøte mellom eigardepartementet og leiinga i selskapet. Samferdselsdepartementet nyttar i dag òg eigarrolla til å definere kva for samfunnsoppgåver Avinor skal utføre. Dei samfunnsplagde oppgåvene i Avinor er drøfta nærare i kapittel 3.1.

Som sektordepartement rår Samferdselsdepartementet elles over fleire rettslege og økonomiske verkemiddel retta mot Avinor. På det økonomiske området fastset departementet takstregulativet for Avinor. Samferdselsdepartementet regulerer difor i stor grad inntektssida til Avinor, i tillegg til at departementet avgjer innretinga på avgiftene.

I statsbudsjettet finst det vidare ei ordning med tilskott til dei regionale lufthamnene i Avinor. Ordninga omfattar dei lufthamnene staten ved det dåverande Luftfartsverket overtok frå kommunane i 1997 og 1998, pluss Båtsfjord lufthamn som Luftfartsverket bygde på den tida. Til saman dreier dette seg om 28 lufthamner. Ordninga vart innført for delvis å dekkje dei auka kostnadene for det dåverande Luftfartsverket som følgje av overtakinga.

På det rettslege området er Samferdselsdepar-

tementet konsesjonsstyresmakt for Avinor på same måte som for andre lufthamneigarar. Avinor har fram til no hatt ein samlekonsesjon for alle lufthamnene i selskapet med unntak av Oslo lufthamn, Gardermoen. Frå 1. januar 2007 skal Avinor ha konsesjon for kvart einskild lufthamn. Ein konsesjon skal ifølgje luftfartslova bare givast når det er i samsvar med allmenne interesser. I vurderinga skal det leggjast vekt på omsynet til miljø, helse, regulering, kultur og næringsinteresser.

Samferdselsdepartementets vurdering

Samferdselsdepartementet vil vise til at høg grad av sjølvfinansiering trekkjer i retning av at Avinor bør ha økonomisk handlefridom på forretingsområdet. På den andre sida skal Avinor ivareta viktige samfunnsoppgåver, noko som krev ei relativt tett politisk styring av verksemda på nokre område.

Slik Samferdselsdepartementet ser det, viser gjennomgangen at Samferdselsdepartementet har tilstrekkeleg med verkemiddel til å sikre ei god politisk styring av Avinor, også når verksemda er knytt til staten som eit heileigt statsaksjeselskap.

Av kapittel 2.3 følgjer det at det så langt ikkje kan dokumenterast at forma for tilknytning isolert sett har vore nokon hovudfaktor i uroa i Avinor. Samferdselsdepartementet registrerer at det framleis er problem med kapasiteten innan flysikringstenesta, noko som råkar både sivil og militær luftfart. Etter departementet si vurdering er likevel ikkje forma for tilknytning avgjerande for løysinga på desse problema. I kapittel 5.5. er det gjort nærare greie for situasjonen i flysikringstenesta og dei tiltaka Avinor har sett i verk for å betre situasjonen. Kommentrarar frå Samferdselsdepartementet følgjer i kapittel 5.6.5.

Av kapittel 2.3 følgjer det at den internasjonale utviklinga går i retning av større grad av marknadsstyring og konkurranseutsetjing av dei tenestene Avinor har ansvar for. Ei heil eller delvis tilbakeføring av Avinor til statsforvaltninga vil såleis ikkje vere i samsvar med den internasjonale utviklinga. Reint praktisk ville det vere ein særleg krevjande prosess dersom berre ein del av verksemda skal førast attende til forvaltninga.

Målet for styresmaktene er å vidareføre og utvikle det høge nivået ein har på flytryggleiken i Noreg. Samferdselsdepartementet kan ikkje sjå at det er argument for at forma for tilknytning til staten for Avinor er avgjerande for at flytryggleiken blir ivareteken. Det primære ansvaret for flytryggleiken ligg hjå aktørane i luftfarten, det vil seie

Avinor, flyselskapa og andre. Avinor har eit sjølvstendig ansvar for flytryggleiken innan sitt ansvarsområde, uavhengig av korleis selskapet er knytt til staten. På tilsvarande måte har flyselskapa og dei andre aktørane i luftfarten, som i stor grad er private aktørar, eit sjølvstendig ansvar for flytryggleiken innan sine ansvarsområde.

Som styresmakt for luftfarten har Samferdselsdepartementet eit overordna ansvar for flytryggleiken. Samferdselsdepartementet fastset sjølv regelverk som har verknad for flytryggleiken. Oppgåva med å utvile og fastsetje reint teknisk-operativt regelverk er delegert til Luftfartstilsynet. Likeeins er oppgåva med å føre tilsyn med at regelverket blir overhalde delegert til Luftfartstilsynet. Som overordna styresmakt har Samferdselsdepartementet ansvaret for rammevilkåra for Luftfartstilsynet. På same måte har Samferdselsdepartementet som eigar og styresmakt ansvaret for rammevilkåra for Avinor.

Samferdselsdepartementet kan ikkje sjå at spørsmålet om korleis selskapet skal knytast til staten, er avgjerande for om verksemda i Avinor må gjennomføre omstillingar eller ei. Verksemda i Avinor må drivast på ein effektiv måte, uavhengig av form for tilknytning. Historisk kan det visast til at det har vore gjennomført store omstillingar også i forvaltingsbedrifter.

I Avinor går det føre seg ei relativt omfattande kryssubsidiering frå bedriftsøkonomisk lønnsame til bedriftsøkonomisk ulønnsame lufthamner. Oslo Lufthavn AS spelar ei stadig viktigare rolle i denne kryssubsidieringa. I ein modell der Oslo lufthamn, Gardermoen er organisert som aksjeselskap og resten av lufthamnene som forvaltingsbedrift, ville det ikkje vere mogleg med full finansiell samordning mellom alle lufthamnene. Dette talar for at i alle fall alle lufthamnene i Avinor bør vere knytte til staten på same måte.

2.5 Samferdselsdepartementets vurdering

Samferdselsdepartementet gir i det følgjande ei samla vurdering av sine egne konklusjonar rundt forma for tilknytning til staten for Avinor, og konklusjonane frå Booz Allen Hamilton rundt organiseringa av dei tenestene i Avinor som er viktige for flytryggleiken.

Slik Samferdselsdepartementet ser det, viser evalueringa at omsynet til flytryggleiken i dag i all hovudsak er tilfredsstillande ivareteke innan dagens organisering av dei tenestene som er

knytte til flytryggleik, og innan dagens form for tilknytning til staten.

Evalueringa viser vidare at verken den interne organiseringa av tenestene knytte til flytryggleik, eller forma for tilknytning til staten, har vore noka hovudårsak til den uroa ein har sett i Avinor. Samferdselsdepartementet kan heller ikkje sjå at organiseringa av tenestene knytte til flytryggleik eller forma for tilknytning har vore avgjerande for dei problema med kapasiteten ein finn i flysikkeringsstenesta i dag.

Slik Samferdselsdepartementet ser det, gir evalueringa såleis ikkje grunnlag for store og omfattande endringar, verken i organiseringa eller forma for tilknytning for selskapet. Dette talar for at forholda no bør leggast til rette for at det blir ro omkring Avinor, og at selskapet får ei føreseieleg utvikling i tida framover.

Samferdselsdepartementet meiner at det er fullt ut mogleg å sikre ei tilstrekkeleg politisk styring av verksemda i Avinor også når verksemda i Avinor er eit heileigt statleg aksjeselskap. Departementet vil difor ikkje foreslå at heile eller delar av Avinor blir førd attende til statsforvaltinga. Avinor bør følgjeleg halde fram som eit heileigt statleg aksjeselskap under Samferdselsdepartementet. Samferdselsdepartementet tek sikte på å drive ei aktiv oppfølging av Avinor, både som eigar og som sektordepartement, for å sikre at samfunnsomsyn blir ivaretekne.

Flygeinformasjonstenesta er i Avinor plassert i divisjonen for regionale lufthamner. Booz Allen Hamilton meiner at denne tenesta i andre land typisk ville ligge i Flysikringsdivisjonen. På denne bakgrunn lanserer konsulenten eit forslag der flygeinformasjonstenesta blir overført til Flysikringsdivisjonen. Dette alternativet handlar om ei mindre justering innanfor dagens organisasjon, som Samferdselsdepartementet meiner det vil vere opp til styret og leiinga i Avinor å vurdere.

Booz Allen Hamilton viser elles til at internasjonale regulatoriske og politiske trendar, mellom anna i samband med etableringa av det felleseuropeiske luftrommet, går i retning av eit skarpare skilje mellom drift av lufthamner og flysikrings-tenester. På denne bakgrunn lanserer konsulenten eit alternativ der Flysikringsdivisjonen, inkludert flygeinformasjonstenesta, blir skild ut som eit eige dotterselskap i Avinor-konsernet. Konsulenten foreslår at flynavigasjonstenesta ikkje blir med over i dotterselskapet under dette alternativet.

Samferdselsdepartementet vil vise til at ei eventuell etablering av eit eige dotterselskap for flysikring inneber ei intern reorganisering av Avi-

nor-konsernet. Det er såleis i hovudsak opp til styret og leiinga i Avinor å vurdere også dette alternativet. Ei slik endring har likevel verknad på ein sentral del av kjerneverksemda i Avinor. Dersom Avinor går inn for ei slik omorganisering, følgjer det difor av § 10 i vedtektene til selskapet at saka må leggjast fram for samferdselsministeren som er generalforsamling i selskapet.

Booz Allen Hamilton lanserer òg eit alternativ der Flysikringsdivisjonen blir etablert som eit selskap utanfor Avinor, men framleis under Samferdselsdepartementet. Samferdselsdepartementet meiner at det i denne omgang ikkje er aktuelt å vurdere dette alternativet.

2.6 Samferdselsdepartementets konklusjon

Tilrådinga frå Samferdselsdepartementet kan summerast opp i følgjande punkt:

- Omsynet til flytryggleiken er tilfredsstillande ivareteke innan dagens organisering av dei tenestene i Avinor som er viktige for flytryggleiken, og innan dagens form for tilknytning til

staten for Avinor. Verken organiseringa av tenestene knytte til flytryggleik, eller forma for tilknytning til staten har vore noka hovudårsak til dei problema ein finn i flysikringstenesta i dag. Forholda bør no leggjast til rette for at det blir ro rundt Avinor.

- Samferdselsdepartementet meiner at Avinor bør halde fram som eit integrert selskap med ansvar for både lufthamndrift og flysikringstenester.
- Tilstrekkeleg politisk styring for å sikre at samfunnsomsyn blir ivareteke kan også sikrast når Avinor er eit heileigt statleg aksjeselskap. Avinor bør såleis halde fram som eit heileigt statleg aksjeselskap under Samferdselsdepartementet.
- Styret har ansvaret å organisere Avinor på ein mest mogleg formålstenleg måte. Dersom Avinor ønskjer å gjennomføre større omorganiseringar, for eksempel ved å skilje ut Flysikringsdivisjonen som eit eige dotterselskap, følgjer det av vedtektene til selskapet at dette må leggjast fram for generalforsamlinga i selskapet, det vil seie samferdselsministeren.

3 Viktige rammevilkår for Avinor

Samferdselsdepartementet har fleire roller overfor Avinor, både som eigar og styresmakt. I dette kapitlet blir det gjort greie for korleis Samferdselsdepartementet påverkar rammevilkåra til Avinor ved å fastsetje dei samfunnsplåagde oppgåvene for selskapet og ved å fastsetje rettsleg regelverk for selskapet.

Det å fastsetje dei samfunnsplåagde oppgåvene er noko Samferdselsdepartementet gjer i rolla som eigar. Andre eigarverkemiddel, som fastsetjing av avkastingskrav og utbytte, blir behandla i kapittel 6.

Fastsetjing av regelverk er noko Samferdselsdepartementet gjer i rolla som sektordepartement for luftfarten. Sektorpolitiske verkemiddel innan det økonomiske området, som takstpolitikk og statleg kjøp av lufthamntenester, blir behandla i kapitla 4 og 5.

3.1 Samfunnsplåagde oppgåver

Då Avinor vart danna, vart det slått fast at selskapet skulle, i tråd med lover og konsesjonar, utføre dei same samfunnsplåagde oppgåvene som det dåverande Luftfartsverket utførte. Samferdselsdepartementet legg i denne meldinga ikkje opp til noka endring i dei samfunnsplåagde oppgåvene for Avinor.

Drift av bedriftsøkonomisk ulønnsame lufthamner

Berre eit mindretal av lufthamnene i Avinor er isolert sett bedriftsøkonomisk lønnsame. Trafikk som blir skapt på ei underskottslufthamn, bidreg likevel til trafikk og difor inntekter på overskottslufthamnene. Det bedriftsøkonomisk lønnsame lufthamnnettet vil såleis omfatte fleire lufthamner enn det ei isolert vurdering av kvar einskild lufthamn ville tilseie.

Likevel vil det vere slik at det ikkje er bedriftsøkonomisk lønnsamt å oppretthalde alle lufthamnene i Avinor, sjølv når ein legg ein nettverks-tanke til grunn. Det å drive bedriftsøkonomisk ulønnsame lufthamner som Regjeringa og Stortin-

get ønskjer å oppretthalde, er den viktigaste samfunnsplåagde oppgåva for Avinor.

I dette ligg det at Avinor heller ikkje mellom-bels kan stengje eller redusere opningstidene vesentleg på ei lufthamn, utan å ta dette opp med Samferdselsdepartementet. Samferdselsdepartementet vil i neste omgang vurdere kva for saker av denne typen som skal leggjast fram for Stortinget.

Planlegging og utgreiing

Avinor skal, i tråd med vedtektene for selskapet, drive med planlegging og utgreiing innan luftfartssektoren.

Avinor overtok ved skipinga av selskapet dei forskings- og utgreiingsoppgåvene som låg i Luftfartsverket. Det er viktig at Avinor opprettheld eit tilfredsstillande omfang på desse oppgåvene. Samferdselsdepartementet vil vurderer om det er nødvendig med ei tettare koordinering og rapportering mellom Avinor og Samferdselsdepartementet på dette området.

Avinor har ansvar for å ta del i arbeidet med nasjonal transportplan (NTP) saman med dei andre transportetatane under Samferdselsdepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet. Gjennom planarbeidet blir det sikra ei politisk forankring av Avinors planar for mellom anna utviklinga av lufthamnstrukturen og koordinering mot andre transportslag.

Avinor har vidare eit ansvar for å hente inn og leggje fram statistikk for norsk luftfart, både for statlege og ikkje-statlege lufthamner.

Når det gjeld undersøkingar av trafikkmønster og reisemål (reisevaneundersøkingar), legg departementet til grunn at Avinor vil vurdere samfunnsnytta av å halde fram med slike undersøkingar, også for dei regionale lufthamnene, slik at ein kan få eit best mogeleg bilete av trafikken i heile landet.

Avinor skal elles assistere departementet i samband med utgreiingar som er plåagde av Samferdselsdepartementet, og i samband med meir løpande politiske saker.

Støtte til Forsvaret

Totalforsvarskonseptet tilseier at dei ulike delane av den norske forvaltninga, både på militær og sivil side, skal kunne støtte kvarandre ved behov. På dette viset unngår ein å byggje opp unødig kapasitet på fleire stader, samstundes som ein sikrar at alle landets totale ressursar kan nyttast om dette blir påkravd. I tråd med dette konseptet er ikkje det norske Forsvaret åleine dimensjonert for å drive lufttrafikktenester i eit slikt omfang som kan bli nødvendig ved tryggingpolitiske kriser og i krig.

Lufttrafikktenestene er ikkje lenger planlagde mobilisert under militær kommando i tilfelle krig, sjølv om lovverket framleis opnar for dette. Forsvaret er difor heilt avhengig av samarbeid med den sivile lufttrafikktenesta for å kunne handheve norsk suverenitet, behandle tryggingpolitiske kriser og beskytte landet mot militære angrep. Denne tilknytninga gjer det nødvendig å sikre dei norske styresmaktene praktisk og juridisk moglegheit til også i framtida å gi lufttrafikktenesta pålegg om tilstrekkeleg støtte til militær beredskap og operasjonar.

Det økonomiske forholdet mellom Avinor og Forsvaret er regulert i eit eige avtaleverk. Samferdselsdepartementet og Forsvarsdepartementet vurderer no om dette avtaleverket skal reforhandlast.

Ambulanseberedskap

Avinor har eit ansvar å halde lufthamnene opne for ambulansefly og -helikopter, både innanfor og utanfor den ordinære opningstida til lufthamna.

Avinor har påvist vesentlege kostnader i samband med denne ambulanseberedskapen. I førre eigarmelding, jf. St.meld. nr. 36 (2003-2004) og Innst. S. nr. 262 (2003-2004), viste departementet til at det var føresett at Avinor skulle føre vidare alle oppgåvene til Luftfartsverket og at det var teke omsyn til desse kostnadene i opningsbalanse til Avinor. Departementet varsla likevel at ein ville vurdere om opningstidene ved nokre lufthamner eventuelt kunne reduserast utan at dette fekk uakseptable konsekvensar for ambulanseberedskapen.

30. desember 2005 vart det lagt fram ein rapport om luftambulansetenesta i Helseregion Nord. Rapporten var utarbeidd av ei arbeidsgruppe på bakgrunn av eit mandat frå Samferdselsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet. I tillegg til representantar frå dei to depar-

tementa, hadde arbeidsgruppa representantar frå Helse Nord RHF, Luftambulansen ANS, Lufttransport AS og Avinor.

Rapporten har følgjande konklusjon:

«Arbeidsgruppen har gjennomgått flyplassenes åpningstider og beredskap og vurdert konsekvenser for ambulansetjenesten ved eventuelle endringer i Avinors tjenestetilbud. Arbeidsgruppen ser ingen muligheter for innskrenking av Avinors beredskap på de vurderte flyplassene, som ikke vil få klare negative konsekvenser for det medisinske tilbudet til de aktuelle pasientene.»

Samferdselsdepartementet sluttar seg til konklusjonen til arbeidsgruppa og finn at rapporten ikkje gir grunnlag for å arbeide vidare med sikte på å redusere opningstidene eller beredskapen ved lufthamnene no.

Tilgjenge og tilbringarteneste

Avinor har eit ansvar for å leggje forholda til rette for personar med redusert funksjonsevne. Avinor skal vidare, med dei verkemidla som står til rådvelde for selskapet, arbeide for å leggje forholda til rette for at transporten til og frå lufthamnene til selskapet kan gå føre seg med kollektive transportmiddel. For Oslo lufthamn, Gardermoen er det eit mål at kollektivdelen i tilbringartenesta skal utgjere minst 50 prosent. Kollektivdelen er i dag høgare enn dette.

3.2 Regelverk fastsett av norske styresmakter

Forskrift om utforming av store flyplassar

Internasjonale krav og tilrådingar om utforming av flyplassar er gitt i annek 14 til Chicago-konvensjonen. Annekset inneheld mellom anna krav og tilrådingar til tryggleiksområda rundt rullebanene. Formålet med tryggleiksområda er å hindre tap av menneskeliv dersom eit fly skli ut av rullebana. Annek 14 tilrår 40 meters breidd på tryggleiksområda på kortbaneflyplassane.

Luftfartstilsynet fekk på byrjinga av 2000-talet utført ein risikoanalyse (Final Report on the Risk Analysis in Support of Aerodrome Design Rules. AEA Technology, 2001). Føresetnaden for analysen var at tryggleiksnivået på norske flyplassar skulle vere det same som i annan vesteuropeisk luftfart. Den såkalla AEA-analysen konkluderte

med at 40 meters breidd på tryggleiksområda på kortbaneflyplassane, slik anneks 14 tilrår, ikkje er tilstrekkeleg. I staden tilrådde analysen 70 meter.

Ein rapport som Det Norske Veritas har laga på oppdrag av Avinor, stiller spørsmål ved om AEA-analysen gir tilfredsstillande grunnlag for å avgjere kor store tryggleiksområda skal vere på kortbaneflyplassane i Noreg. (Det Norske Veritas, teknisk rapport nr. 2005-1175).

Revidert forskrift om utforming av store flyplassar (BSL E 3-2) tok til å gjelde frå 1. september 2006. Forskrifta stiller same krav til storleiken på tryggleiksområda som anneks 14, det vil seie 40 meter. I dei tilfella der det er vanskeleg å tilfredsstille krava, opnar forskrifta for kompensierende tiltak.

Luftfartstilsynet har engasjert SINTEF for å vurdere resultatane frå AEA-analysen og Veritas-rapporten. SINTEF er venta å kome med si vurdering innan utgangen av 2006. Dersom SINTEF kjem fram til at tryggleiksområda bør vere breiare enn 40 meter, vil Luftfartstilsynet måtte vurdere å endre forskrifta på dette punktet. Dette vil i så fall krevje ei ny høyring.

I si løpande godkjenning av lufthamnene har Luftfartstilsynet sidan 2004 funne det uforsvarleg å ikkje følgje tilrådingane frå AEA-analysen om 70 meters breidd på tryggleiksområda på kortbaneflyplassane.

I 2006 kom ein del flyplassar inn i godkjeningsprosessen som det er relativt krevjande å tilpasse til kravet om 70 meter. Normalt skal desse flyplassane vere ferdigstilte innan to år, det vil seie i løpet av 2008. Luftfartstilsynet vil likevel ikkje krevje at eigarane av desse lufthamnene skal starte utbetringar ut over 40 meter før det er endeleg avgjort kva som blir det endelege kravet til breidd. Luftfartstilsynet tek sikte på å avgjere dette spørsmålet i nærmaste framtid. Dersom eigarane av lufthamnene skulle få knapp tid til å tilpasse seg til eit eventuelt krav ut over 40 meter, vil Luftfartstilsynet måtte vurdere om eigarane skal givast lengre tid til å gjennomføre utbetringane.

Konsekvensane av forskrifta for Avinor er nærare drøfta i kapitla 5.1.1. Vurderinga frå Samferdselsdepartementet følgjer i kapittel 5.6.1.

Forskrift om førebygging av støy for Oslo lufthamn, Gardermoen

I samband med etableringa av ny hovudflyplass på Gardermoen fastsette Samferdselsdepartementet i desember 1997 forskrift om inn- og utflygingstra-

sear for Oslo lufthamn, Gardermoen (traseforskrifta). Formålet med forskrifta var å regulere flyaktiviteten ved lufthamna slik at støyulempene vart minimaliserte, samstundes som flyoperative omsyn vart ivaretekne.

Luftfartstilsynet har gjennomført ei evaluering av forskrifta og har på bakgrunn av evalueringsrapporten utarbeidd eit forslag til ny forskrift. I forslaget til ny forskrift har Luftfartstilsynet mellom anna foreslått å nytte «toleranskorridorar» for inn- og utflyging ved hovudflyplassen i staden for trasear som følgjer av dagens forskrift. Tilsynet har òg foreslått å gå vekk frå prinsippet om segregert banebruk, det vil seie at flya landar på høgre bane og tek av frå venstre bane. I staden er det foreslått at det skal vere fleksibel banebruk.

Det har kome inn i alt 37 høyringsfråsegner til forslaget. Forskrifta ligg no til behandling i Samferdselsdepartementet. Departementet tek sikte på å fastsetje forskrifta tidleg i 2007.

3.3 Regelverk fastsett av EU

Regelverk som blir fastsett av EU, får konsekvensar for Noreg gjennom EØS-avtala. Innan EU/EØS-regelverket vil det ofte vere handlingsrom for norske styresmakter. Skiljet mellom nasjonalt og internasjonalt regelverk er difor ikkje alltid like klart. Samferdselsdepartementet legg vekt på å kome tidleg i dialog med EU under utforming av regelverk som kan få konsekvensar for norsk samferdselspolitikk, i tråd med St.meld. nr. 23 (2005-2006) Om gjennomføring av europapolitikken.

Eit felles europeisk luftrom

EU har etablert eit prosjekt for eit felles europeisk luftrom («Single European Sky»). Formålet med prosjektet er å effektivisere avviklinga av trafikken i luftrommet over Europa, samstundes som flytryggleiken skal oppretthaldast og vidareutviklast. Bakgrunnen for prosjektet er aukande trafikk og aukande forseinkingar i luftrommet over Europa. Dersom ikkje tiltak blir sette i verk, vil forseinkingane auke etter kvart som trafikken veks.

Det rettslege grunnlaget for det felleseuropeiske luftrommet er lagt i fire grunnforordningar med følgjande nummer: (EF) nr. 549/2004, (EF) nr. 550/2004, (EF) nr. 551/2004 og (EF) nr. 552/2004. I forordningane har EU-kommisjonen fått delegert mynde til å fastsetje eit meir detaljert gjennomføringsregelverk.

Regjeringa har tilrådt at Noreg sluttar seg til det felleseuropeiske luftrommet gjennom EØS-avtala, jf. St.prp. nr. 87 (2005-2006) Om samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 67/2006 av 2. juni 2006 om innlemmelse i EØS-avtalen av europaparlaments- og rådsforordningar angående et felles europeisk luftrom.

Samferdselsdepartementet har sendt eit forslag til forskrift om gjennomføring av desse fire forordningane i norsk rett ut på høyring. Samferdselsdepartementet tek sikte på å fastsetje forskrifta i byrjinga av 2007.

Gjennom det nye regelverket vil det bli stilt harmoniserte krav til leverandørar av flysikringstenester. Alle tenesteutøvarar skal såleis sertifiserast etter ein felles europeisk standard. På same måte vil det bli innført eit felles europeisk flygeleiersertifikat. Dette vil gi ein einskapleg standard for flytryggleiken over heile Europa, og samstundes vere med på å leggje til rette for at det kan utviklast ein marknad for flysikringstenester i Europa. Flysikringstenesta vil likevel framleis bli gitt einerett innanfor eit avgrensa område og det vil framleis vere opp til kvart einskild land å peike ut tenesteleverandørar og avgjere kva måte denne utpeikinga skal gå føre seg på.

Innan det felleseuropeiske luftrommet er det eit mål å utvikle færre og større luftromsblokkar, såkalla funksjonelle luftromsblokkar, for den øvre deler av luftrommet. Dei funksjonelle luftromsblokkane skal i større grad følgje trafikkstraumane og ikkje landegrensene, slik tilfellet er i dag. På denne måten skal det leggjast til rette for ei sikrare og meir effektiv avvikling av trafikken. Utviklinga av dei funksjonelle luftromsblokkane skal gå føre seg på frivillig basis mellom medlemslanda.

I desember 2006 fastsette EU-kommisjonen harmoniserte reglar for korleis avgiftene for lufttrafikktjenestene skal fastsetjast innan det felleseuropeiske luftrommet.

Som eit ledd i effektiviseringa av flysikringstenesta innan det felleseuropeiske luftrommet, tek EU sikte på å utvikle ny teknologi. EU har lagt dette til eit eige forskings- og utviklingsprogram (SESAR). Programmet er førebels i ei definisjonsfase.

Konsekvensane for Avinor av det felleseuropeiske luftrommet er diskuterte nærare i kapittel 5.5. Kommenterarar frå Samferdselsdepartementet følgjer i kapittel 5.6.5.

Fleksibel bruk av luftrommet

Under regelverket for det felleseuropeiske luftrommet, høyrer òg forordning (EF) nr. 2150/2005 om

fleksibel bruk av luftrommet («Flexible Use of Airspace – FUA»). Forordninga pålegg medlemsstatane å leggje til rette for iverksetting av ei betre samordning mellom sivile og militære behov for luftrom. Dette skal gjerast på ein slik måte at luftrommet blir utnytta mest mogeleg effektivt. Forvaltninga skal ta utgangspunkt i retningslinjer som sivile og militær luftfartsstyresmakter er blitt einige om.

Sjølve FUA-konseptet er utvikla av Eurocontrol og blir oppretthalde og vidareført i FUA-forordninga. Samarbeidet mellom sivil og militær side skal gjennomførast på alle nivå: det strategiske, pre-taktiske og taktiske nivået innafor luftromsforvaltninga. Den daglege luftromsforvaltninga (pre-taktisk og taktisk nivå) skal gjerast av ei luftromsstyringseining (AMC), oppretta av Avinor, men med militær representasjon i tillegg til representasjon frå Avinor.

Dagens FUA-ordning i Noreg er basert på ei avtale mellom Avinor og Forsvaret (FUA-avtala) som Luftfartstilsynet har godkjent med verknad for alle brukarar av luftrommet. Ved norsk implementering av FUA-forordninga overtek Luftfartstilsynet ansvaret for den strategiske samordninga mot militær side.

Beredskap mot terror og sabotasje

Forordning (EF) nr. 2320/2002 om fastsetjing av felles forskrifter om trygging av sivil luftfart, med utfyllande forskrifter, har som formål å fastsetje og gjennomføre felles tiltak innanfor EØS-området for å hindre ulovlege handlingar retta mot sivil luftfart. Desse forskriftene gjeld som norsk rett, og inneheld tiltak som gjeld flyselskap, passasjerar, tilsette ved lufthamnene, frakt inkludert post mm. Tryggingstiltaka blir finansierte av brukarane. I takstregulativet til Avinor for 2006 er det fastsett ei tryggingavgift på 40 kr. pr. passasjer.

Nye EU-reglar som tok til å gjelde frå 6. november, gjorde forbode å ta med større mengder flytande væske i handbagasjen. For å hindre at norske flypassasjerar skulle få store problem og forseinkingar ved utanlandske flyplassar, fastsette Luftfartstilsynet ei hasteforskrift som gjorde at dei same krava vart innførde i Noreg frå same dato. Reglane vil bli innarbeidde i EØS-avtala.

Tilgjenge

Forordning (EF) nr. 1107/2006 sikrar rettane for funksjonshemma passasjerar og passasjerar med redusert mobilitet under flyreiser. Ansvaret for å

ivareta desse rettane blir lagt til operatørane av lufthamnene. Det er venta at forordninga vil bli innlemma i EØS-avtala.

Anna EU-regelverk

I førre eigarmelding, jf. St. meld. nr. 36 (2003-2004) og Innst. S. nr. 262 (2003-2004), vart det vist til at EU-kommisjonen arbeider med forslag til eit

generelt regelverk om lufthamnavgifter, regelverk om lufthamntenester og regelverk om «tidsluker» på lufthamnene. Kommisjonen har meldt at forslag til regelverk for lufthamnavgifter generelt og «tidsluker» kan bli lagde fram innan utgangen av 2006. For ei nærare omtale og vurdering av moglege konsekvensar for Noreg av regelverka, blir det vist til førre eigarmelding.

4 Verksemda i Avinor i 2003–2005

Dette kapitlet gjer greie for verksemda i Avinor i perioden 2003-2005. Hovudvekta er lagd på 2005 med utgangspunkt i § 10-planen frå selskapet for 2006. Kommenterarar frå Samferdselsdepartementet følgjer til slutt i kapitlet.

Avinor AS vart etablert 1. januar 2003. Selskapet var då i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Gjennom resultatforbetringsprogrammet «Take-off -05» tok selskapet sikte på å redusere dei årlege kostnadene permanent med 400 mill. kr frå og med 2006. Ifølgje Avinor var rundt 80 prosent av dei kostnadsreduksjonane som var planlagde i «Take-off -05», realiserte ved utgangen av 2005. Effektiviseringane har hovudsakleg skjedd innan drifta av lufthamnene. Innan flysikring har det vore vanskelegare å gjennomføre kostnadsreduksjonar.

Det har vore interne utfordringar og motsetnader i Avinor. For å medverke til ro i selskapet, trekte administrerande direktør seg på slutten av 2005. Ny administrerande direktør tok til i april 2006. Vidare vart ny styreleiar oppnemnd i ekstraordinær generalforsamling i mai 2006. Avinors

vurdering av situasjonen innan Flysikringsdivisjonen er nærare omtala i kapittel 5.5. Kommenterarar frå Samferdselsdepartementet følgjer i kapittel 5.6.5.

4.1 Rapportering frå Avinor

4.1.1 Tryggleik

Avinor innførde i 2003 og 2004 eit system for rapportering av uønskte hendingar. Systemet har ført til at fleire hendingar blir rapporterte. Ifølgje Avinor betrar dette grunnlaget for å førebyggje ulykker. I 2004 vart det registrert 13 alvorlege hendingar, i 2005 16 alvorlege hendingar og ei ulykke.

Rapporten frå Statens havarikommisjon for sivil luftfart og jernbane (no Statens havarikommisjon for transport) om flytryggleik under omstilling, er tidlegare omtala i kapittel 2. I tillegg til tilrådinga om at dagens løysing for statleg eigarskap og styring av Avinor burde evaluerast, kom rapporten mellom anna med fem konkrete tilrådingar retta mot interne forhold i Avinor. Ifølgje Avinor

Tabell 4.1 Resultatrekneskap for Avinor (konsern). 2003–2005. Mill. kr

	2003	2004	2005
Trafikkinntekter	2 789	3 138	3 291
Sals- og leieinntekter	1 457	1 579	1 883
Offentleg kjøp	250	264	35
Andre driftsinntekter	52	95	47
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>4 548</i>	<i>5 076</i>	<i>5 255</i>
Varekostnad	24	22	44
Lønn og andre personalkostnader	1 591	1 543	2 031
Av- og nedskrivningar	1 317	1 103	1 145
Andre driftskostnader	1 263	1 584	1 479
Flytte- og restruktureringskostnader	699	- 171	- 255
<i>Sum driftskostnader</i>	<i>4 894</i>	<i>4 080</i>	<i>4 445</i>
<i>Driftsresultat</i>	<i>- 346</i>	<i>995</i>	<i>811</i>
Årsresultat ¹	- 577	463	386

¹ Årsresultat = driftsresultat – finansresultat – skattekostnad

har rapporten gitt eit viktig bidrag til arbeidet med flytryggleiken i selskapet.

Som følge av EU-tiltaka mot terror og sabotasje, var full kontroll av flyselskap, passasjerar, tilsette ved lufthamnene, frakt inkludert post m.m. sett i verk innan utgangen av 2004 på alle lufthamnene til Avinor, jf. kapittel 3.3.

4.1.2 Økonomi

Tabell 4.1 viser resultatrekneskapen for Avinor-konsernet for 2003-2005.

2003 var eit økonomisk krevjande år for Avinor. I 2004 og 2005 var det ei positiv økonomisk utvikling i selskapet. Inntektene voks jamt begge åra. Årsakene er først og fremst trafikkvekst og auke i dei kommersielle inntektene.

Frå 2003 til 2004 var det ein nedgang i kostnadene. Avinor forklarar dette med resultatforbetringsprogrammet «Take-off -05». Frå 2004 til 2005 voks kostnadene, men ifølgje Avinor var det ingen underliggjande vekst i kostnadene frå 2004 til 2005 når ein justerer for auka pensjonsforpliktingar.

I 2003 leverte Avinor eit negativt driftsresultat på 346 mill. kr. I 2004 vart dette snudd til eit positivt resultat på 995 mill. kr, medan selskapet fekk eit resultat på pluss 811 mill. kr i 2005.

I «Take-off -05» var det teke høgde for at Avinor ville få etter måten store kostnader knytt til utbetaling av ventelønn og sluttpakker. I årsrekneskapen for 2003 var det sett av 677 mill. kr til restruktureringkostnader. Behovet for ventelønn har vist seg å vere lågare enn venta. Avsetninga til restruktureringkostnader er difor redusert til 52 mill. kr ved utgangen av 2005.

Tabell 4.2 viser driftsresultatet i 2005 fordelt på dei ulike einingane i Avinor. Tilsvarande tal for 2003 og 2004 er ikkje tilgjengelege.

Divisjonane for høvesvis mellomstore og regionale lufthamner gikk med underskott, men overskott i divisjonen for store lufthamner, og særleg dotterselskapet Oslo Lufthavn AS, sikra eit positivt resultat for konsernet samla. Dei interne overføringane i konsernet utgjorde 805 mill. kr i 2005. Flysikringsdivisjonen gikk med underskott i 2005. Over tid skal divisjonen gå i balanse. Underskott eitt år vil difor bli teke inn att gjennom overskott seinare år.

Takstnivå og statleg kjøp

I 2003 og 2004 auka takstnivået med høvesvis 10,1 og 7,5 prosent. Årsaka til dette var nye tiltak mot terror og sabotasje som har vorte finansierte gjen-

Tabell 4.2 Driftsresultat pr. eining i Avinor. 2005.

Mill kr	
Divisjon	Driftsresultat
Oslo Lufthavn AS	1 140
Divisjon store lufthamner	534
Divisjon mellomstore lufthamner	- 258
Divisjon regionale lufthamner	- 503
Flysikringsdivisjonen ¹	- 102
Sum	811

¹ Over tid skal Flysikringsdivisjonen gå i balanse. Underskott eitt år vil difor bli teke inn att gjennom overskott seinare år.

nom avgiftssystemet. Ei eiga tryggingssavgift vart innført i takstregulativet til Avinor i 2004. I 2006 utgjør avgifta 40 kr pr. passasjer.

I 2005 vart takstane sette ned med 2,9 prosent. Tek ein omsyn til prisstigninga på 1,6 prosent, tilsvara dette ein realnedgang på 4,5 prosent.

I 2003 kjøpte Samferdselsdepartementet lufthamntenester frå Avinor for 250 mill. kr. I 2004 auka dette beløpet til 264 mill. kr. I 2005 utgjorde kjøpsbeløpet 35 mill. kr.

Investeringar

Avinor investerte for 703 mill. kr i 2003, 718 mill. kr i 2004 og 826 mill. kr i 2005. På lufthamnsida har Avinor investert i nybygg og oppgraderingar på fleire lufthamner. Vidare har det vore gjennomført utbetringar på fleire lufthamner i samband med ny teknisk-operativ godkjenning. Avinor har òg investert i nye tiltak mot terror og sabotasje.

Innan flysikring vart nytt kontrolltårn på Trondheim lufthamn, Værnes teke i bruk i 2005. Det er vidare gjennomført investeringar i samband med nytt navigasjonssystem og nye radarar. Avinor har òg investert i infrastruktur som er nødvendig for å etablere kontrollert luftrom for offshore helikoptertrafikk.

4.1.3 Marknad

Marknadsutvikling

Tabell 4.3 viser talet på passasjerar på dei ulike einingane i Avinor i 2005.

Avinor hadde 29 mill. passasjerar på sine lufthamner i 2003, over 31 millionar i 2005 og nesten 33 millionar i 2005. Desse tala omfattar alle passa-

Tabell 4.3 Millionar passasjerar på dei ulike einingane i Avinor. 2003-2005

	2003	2004	2005
Oslo lufthamn	13,6	14,8	15,9
Store lufthamner	11,0	11,6	12,0
Mellomstore lufthamner	3,3	3,6	3,8
Regionale lufthamner	1,1	1,1	1,1
<i>Samla</i>	<i>29,0</i>	<i>31,2</i>	<i>32,8</i>

sjerane som går inn og ut av eit fly. Tala for 2005 kan splittast opp i 21,8 mill. reiser med fly, 10,9 millionar innanlands og 10,9 millionar utanlands.

Det var passasjervekst på over fem prosent kvart år i perioden 2003-2005. Talet på utanlands-passasjerar har vakse raskare enn talet på innanlandspassasjerar i heile perioden.

Tabellen viser òg at Oslo Lufthavn AS – det vil seie Oslo lufthamn, Gardermoen – har nesten halvparten av passasjerane. Samla står dei fem lufthamnene i divisjon for store lufthamner og Oslo lufthamn, Gardermoen for over 80 prosent av passasjertalet.

Regularitet og punktlegheit

Regularitet refererer seg til den delen av dei planlagde avgangane som faktisk blir gjennomført. Punktlegheita blir målt som den delen av dei gjennomførte avgangane som er mindre enn 15 minutt forseinka. Tabell 4.4 viser regulariteten og punktlegheita på lufthamnene til Avinor for perioden 2003-2005.

Regulariteten låg i 2005 på gjennomsnittleg 97,7 prosent og punktlegheita på gjennomsnittleg 84,2 prosent. Dette skal ifølgje Avinor vere blant det beste i Europa.

Punktlegheita i 2005 låg likevel lågare enn Avinor si eiga målsetjing som er 85 prosent om vintoren og 90 prosent om sommaren. Det har dessutan vore ei negativ utvikling på dette området dei siste åra. Oslo lufthamn, Gardermoen var den punktlegaste flyplassen i Europa i åra 2002-2004. I 2005 enda flyplassen på ein femteplass. Ifølgje tal frå Avinor stod flyselskapa for 63 prosent av forseinkingane i 2005, flyplassane for 8 prosent og undervegstenesta i inn- og utland for 16 prosent.

Kundemålingar

Avinor gjennomfører kvartanna år kundemålingar retta mot passasjerane og flygarane. Det vart gjennomført ei kundemåling i 2005. I målinga var passasjerane anten meir eller like tilfredse som i 2003. Flygarane var mindre fornøgde i 2005 enn i 2003.

4.1.4 Samfunnsnytta av luftfarten

Avinor fekk i 2005 gjennomført ei undersøking som skulle sjå på kva luftfarten har å seie for det norske samfunnet. Undersøkinga har samanlikna norsk luftfart med 14 andre land i Vest-Europa, og har dessutan kartlagt og analysert forholda i Noreg.

Den internasjonale samanlikninga viser at nordmenn flyg meir enn dei fleste europearane. Ser ein på talet på innanriksreiser pr. innbyggjar, ligg Noreg på europatoppen. Ser ein på talet på flyplassar, bli Noreg berre slått av Frankrike og Storbritannia. Når ein måler flyplassar pr. innbyggjar, er det berre Island som ligg over Noreg. Det norske kortbanenettet er eineståande i ein verds-samanheng. I studia er dette illustrert ved at nær halvparten av alle flyplassar med rutetraffikk på rullebaner kortare enn 1 000 meter ligg i Noreg. Noreg ligg omtrent på eit europeisk gjennomsnitt når det gjeld kostnader. Avgiftsnivået ligg noko over gjennomsnittet.

Kartlegginga av forholda i Noreg viser at dei fleste innbyggjarane i Noreg har god tilgang på flyplassar. Gjennomsnittleg reisetid frå kommunesenter til nærmaste flyplass er 50 minutt. Særleg er det mange flyplassar i Nord-Noreg og på Vestlandet. Flyet dominerer som reisemiddel på lange

Tabell 4.4 Regularitet og punktlegheit på lufthamnene i Avinor. 2003-2005. Prosent

	2003	2004	2005
Regularitet	98,2	97,7	97,7
Punktlegheit	88,7	85,9	84,2

reiser. Nord-Noreg har høgast reisefrekvens for innanlandsreiser, Austlandet lågast. Ser ein på utanlandsreiser, er det nordlendingane som reiser minst og austlendingane mest.

Ein ringverknadsstudie viser at rundt 20 000 personar er sysselsette i verksemdar som er direkte knytte opp mot drifta av luftfartssystemet i Noreg. Tek ein omsyn til underleveransar og andre verknader rundt i økonomien, er det berekna at direkte og indirekte verknader på sysselsettinga av luftfarten tilsvarar 50 000-70 000 personar. Undersøkinga viser at godt tilgjenge til ein flyplass verkar positivt på befolkningsutviklinga i ein kommune.

Ei særskild studie av dei regionale verknadene av Oslo lufthamn, Gardermoen, viser at drygt 12 000 personar er sysselsette på flyplassen. Tek ein med direkte og indirekte verknader, dreier dette seg om snautt 30 000 personar. Ein god del av dei sysselsette på Oslo lufthamn, Gardermoen er framleis busette i Oslo, Asker og Bærum, men stadig fleire bur på Romerike. Den delen av dei sysselsette som har bustad i Hedmark og Oppland, har òg auka, sjølv om denne delen framleis er låg.

4.1.5 Overtid og sjukefråvær

Tabell 4.5 viser utviklinga i sjukefråvær og overtidsbruk for perioden 2003-2005.

Generelt ligg sjukefråværet og overtidsbruken i Avinor på eit lågt nivå. Det har heller ikkje vore dramatiske endringar, verken i sjukefråværet eller overtidsbruken dei seinaste åra, sjølv om selskapet har vore gjennom omstillingar. Her må det likevel takast atterhald om at det er uvisse i tala for overtidsbruken. Dette gjeld særleg talet for 2003. Årsaka til dette er endringar i berekningsgrunnlaget og overgang til ny organisasjon i samband med etableringa av Avinor.

4.2 Kommenterar frå Samferdselsdepartementet

I rapporten om flytryggleik og omstilling kom den dåverande Havarikommisjonen for sivil luftfart og jernbane (no Statens havarikommisjon for

transport) med ein del tilrådingar til alle dei største aktørane innan norsk luftfart. Aktørane dette gjeld, har gitt tilbakemelding til Samferdselsdepartementet om korleis dei vil følgje opp tilrådingane. Departementet har igjen bede Luftfartstilsynet vurdere desse tilbakemeldingane. Samferdselsdepartementet arbeider med ein rapport om tilrådingane. Stortinget vil bli orientert om saka på ein eigna måte. Det blir elles vist til omtala av saka i St.prp. nr. 1 (2006-2007).

Samferdselsdepartementet vil peike på at omstillingane i Avinor har bidrege til at det var mogleg å setje ned takstane i Avinor i 2005. Dette har medverka til å halde billettprisane nede, noko som bidreg til å gi eit teneleg flytilbod i alle delar av landet. For Samferdselsdepartementet er det viktig at Avinor held fram arbeidet med sikte på ein mest mogleg kostnadseffektiv drift, slik at dei kostnadsreduksjonane som vart oppnådde gjennom «Take-off -05», ikkje går tapt i tida framover.

Når det gjeld nedgangen i statleg kjøp i 2005, vil Samferdselsdepartementet vise til at dette må sjåast i samheng med at infrastrukturen til luftfarten frå og med 2005 vart omfatta av opplegget for meirverdiavgifta. Dette har gitt Avinor ein årleg gevinst på meir enn 350 mill. kr i året.

Samferdselsdepartementet er nøgd med at behovet for utbetaling av ventelønn som følgje av effektiviseringane i Avinor har vist seg lågare enn venta. Dette viser at dei tiltaka som Avinor sette i verk for hjelpe dei som mista arbeidet, over i nytt arbeid, har verka. Departementet har òg merka seg at sjukefråværet og overtidsbruken i Avinor ligg på eit lågt nivå, og at det ikkje ser ut til å ha har vore store endringar verken i sjukefråværet eller overtidsbruken som følgje av omstillingane i selskapet.

Samferdselsdepartementet har elles merka seg at det er ei negativ utvikling i punktlegheita i norsk luftfart. Årsakene er samansette. Departementet må likevel peike på at det har vore driftsavbrot innan flysikkeringsstenesta som har gått ut over flyselskapa og passasjerane. Avinor har sett i verk tiltak for å rette på situasjonen. Sjå kapitlet 5.5 for ei nærare omtale av situasjonen i flysikkeringsstenesta. Kommenterar frå Samferdselsdepartementet følgjer i kapittel 5.6.5.

Tabell 4.5 Sjukefråvær og overtidsbruk i Avinor. 2003-2005. Prosent

	2003	2004	2005
Sjukefråvær	4,9	5,2	5,1
Overtidsbruk ¹	5,1	5,5	4,9

¹ Tala for overtidsbruken er noko usikre, særleg for 2003.

Samferdselsdepartementet har elles merka seg resultata frå undersøkinga om samfunnsnytten av luftfarten. Undersøkinga stadfestar den viktige rolla luftfarten spelar i Noreg. Departementet

vil særleg peike på at godt tilgjenge til ein flyplass verkar positivt på utviklinga i folketalet i ein kommune.

5 Avinors planar for 2006–2008

Dette kapitlet gjer greie for planane til Avinor for perioden 2006-2008, slik selskapet har presentert dei i § 10-planen for denne perioden. Kommenterar og vurderingar frå Samferdselsdepartementet følgjer i slutten av kapitlet. Som grunnlag for kommentarane og vurderingane frå Samferdselsdepartementet, blir òg lengre historiske perspektiv trekte opp i dette kapitlet.

5.1 Tryggleik

I § 10-planen viser Avinor til at selskapet arbeider kontinuerleg for å betre flytryggleiken. Avinor aksepterer ikkje ulykker, og selskapet har som mål at talet på alvorlege hendingar ikkje skal auke, sjølv om det er venta at trafikken skal vekse dei neste åra.

Avinor har sett i gang ei rekkje prosjekt knytte til flytryggleik som skal gjere selskapet leiande på område der Noreg har spesielle utfordringar. Dette gjeld mellom anna oppgradering av dei regionale lufthamnene og vinterdrift av lufthamner.

5.1.1 Viktige prosjekt knytte til flytryggleik innan drifta av lufthamnene

Forskrift om utforming av store flyplassar

Alle lufthamner i Noreg skal ha teknisk-operativ godkjenning frå Luftfartstilsynet kvart femte år. Luftfartstilsynet stiller no skjerpa krava til tryggleiksområda rundt rullebanene når flyplassane blir godkjende. Dette følgjer av revidert forskrift om utforming av store flyplassar. Sjå nærare omtale av forskrifta i kapittel 3.2.

Avinor viser til at forskrifta vil medverke til å betre flytryggleiken i Noreg. Avinor viser likevel til at det vil vere utfordrande å gjennomføre forskrifta, særleg på kortbaneflyplassane. Dersom det viser seg at det vil bli stilt krav om 70 meters breidd på tryggleiksområda, har Avinor berekna at dette vil krevje investeringar på opp mot 1,7 mrd. kr på dei 25 kortbaneflyplassane i selskapet. Fram til no er 4 kortbaneflyplassar ferdig godkjende og utbetra, medan 11 er inne i ein godkjeningsprosess.

Med unntak av Oslo lufthamn, Gardermoen, som tilfredsstillar alle krav, vil forskrifta òg krevje investeringar på dei andre lufthamnene i Avinor. Godkjeningsprosessen for desse lufthamnene er òg i gang. Fram til no er tre lufthamner utbetra, medan to andre er komne inn i godkjeningsprosessen. Det er førebels noko usikkert kva kostnadene vil bli på desse lufthamnene, men Avinor oppgir eit tal mellom tre hundre millionar og ein milliard kroner.

Tiltak mot terror og sabotasje

Nye EU/EØS-krav vil krevje investeringar i nytt utstyr i perioden 2006-2010. Til og med 2008 vil investeringane utgjere 293 mill. kr på dette området. Frå 6. november 2006 vart det innført forbod mot å ta med større mengder væske i handbaga-sjen, jf. kapittel 3.2. Ifølgje Avinor har ekstrakostnadene ved tiltaka så langt vore relativt avgrensa. Avinor opplyser òg at handhevinga av reglane har gått bra.

Europeisk plan for flytryggleik

Arbeidet med ein europeisk tiltaksplan for å forebyggje luftfartsulykker vart avslutta i 2006. Arbeidet har gått føre seg i regi av Eurocontrol. Den europeiske planen for flytryggleik (EPS) er ei oppfølging av tiltaksplanen.

Prosjekt for estimering av bremseeffekt

Bakgrunnen for prosjektet er hendingar dei seinare åra, der årsaka har vore vanskelege forhold på rullebanen om vinteren. Målet med prosjektet er å forebetre målingane av forholda på rullebanene og likeins sikre at dette blir kommunisert til flygarane på best mogleg måte. Prosjektet blir gjennomført i samarbeid med Luftfartstilsynet og flyselskapa. Avinor tek sikte på å avslutte prosjektet i 2007.

Varsling av turbulens

I Noreg er topografien hovudårsaka til vanskelege vindforhold ved inn- og utflygning. Avinor har i

fleire år arbeidd med eit prosjekt der målet har vore å få ei meir påliteleg varsling av turbulens. Prosjektet er eit samarbeid mellom Avinor, Meteorologisk institutt, SINTEF og Widerøe's Flyveselskap. Prosjektet vil betre grunnlaget for å planleggje og gjennomføre flygingane på ein sikker måte. Systemet har vore i prøvedrift Hammerfest lufthamn, Sandnessjøen lufthamn, Stokka og Molde lufthamn, Årø i eit år, og har i perioden gått stabilt. Avinor har som mål at systemet skal bli godkjent og vere i drift i løpet av 2007.

5.1.2 Viktige prosjekt knytte til flytryggleik innan flysikring

Innflygingssystem på kortbaneflyplassane

Avinor har i samarbeid med Luftfartstilsynet, Widerøe's Flyveselskap og produsentar av tekniske løysingar vore med på å utvikle eit satellittbasert innflygingssystem for dei regionale lufthamnene (SCAT-I). Avinor har installert bakkeutstyr på Brønnøysund lufthamn, Brønnøy, Hammerfest lufthamn og Førde lufthamn, Bringeland, og har planar om å innføre systemet på 6-8 flyplassar pr. år frå og med 2007. Avinor har planlagt investeringar på 150 mill. kr til dette prosjektet innan 2008.

Widerøe har planar om å installere utstyr på 16-17 fly, og tek sikte på å starte treningsflygingar så snart utstyret er godkjent. Ifølgje Avinor vil systemet føre til ei vesentleg betring av tryggleiken på kortbaneflyplassane. Avinor har som mål gradvis å ta i bruk systemet frå 2007.

Nytt trafikkreguleringsystem for Austlandet

Gjennom det såkalla OSLO ASAP-prosjektet, tildelagare SOL-NORSIM, tek Avinor sikte på å endre prosedyrane og trafikkmønstra ved inn- og utflyginga til Oslo lufthamn, Gardermoen. Prosjektet vil lette arbeidet for flygeleiarane, og skal medverke til å auke kapasiteten og gi ei sikrere avvikling av inn- og utflygingane ved lufthamna. I samband med «Take-off -05» vart dette prosjektet utsett. Etter ei ny vurdering har Avinor bestemt seg for å gjennomføre prosjektet og gi det høg prioritet.

Utsifting av flykontrollsystemet (NATCON)

Dette er eit nytt system for styring og kontroll av lufttrafikken. Systemet skal betre flytryggleiken og auke kapasiteten. Systemet er teke i bruk i områda som er kontrollerte av Stavanger kontrollsentral og Oslo kontrollsentral i Røyken. Systemet

er planlagt innført i området til Bodø kontrollsentral i løpet av 2009. Avinor reknar med å investere 369 mill. kr i NATCON-prosjektet innan 2009.

Radarprogram

Avinor planlegg ei omfattande utbygging av radarar i Noreg. Første del av planen omfattar 10 radaranlegg som skal vere ferdige innan 2012. Programmet skal betre flytryggleiken og auke kapasiteten. Total kostnadsramme for prosjektet er 390 mill. kr innan 2012. Av planen går det fram at det kan vere behov for ytterlegare overvakingssystem etter 2012, eventuelt basert på ny teknologi.

Helikoptertryggleik på norsk kontinentalsokkel

På bakgrunn av tilrådingane frå eit offentleg utval (NOU 2001: 21 og NOU 2002: 17) vart det utarbeidd ein tiltaksplan for å betre helikoptertryggleiken på norsk sokkel. Som eit ledd i handlingsplanen arbeider Avinor med å etablere kontrollert luftrom for flygingar til Ekofisk og Haltenbanken. Etablering av to radarinstallasjonar offshore og ein radarinstallasjon på fastlandet er ein viktig føresetnad for dette. Desse radarinstallasjonane inngår i radarprogrammet i Avinor.


5.2 Økonomi

Økonomiske nøkkeltal

Figur 5.1 viser økonomiske nøkkeltal for Luftfartsverket og seinare Avinor for perioden 1994-2005. Det dåverande Luftfartsverket hadde ei jamn positiv økonomisk utvikling i andre halvdel av 90-talet. Denne positive trenden vart avløyst av ei negativ utvikling på byrjinga av 2000-talet. Utviklinga snudde igjen i 2004.

I § 10-planen presenterer Avinor tre ulike framtidsbilete for den økonomiske utviklinga i selskapet for perioden 2006-2010. Alle tre framtidsbileta tek utgangspunkt i at takstane blir reduserte med fem prosent pr. år i perioden 2007-2010. Det er vidare lagt til grunn at Samferdselsdepartementet ikkje løyver midlar til statleg kjøp av lufthamtenester. Framtidsbileta skil seg frå kvarandre ved at det er lagt til grunn ulike føresetnader om utviklinga i passasjeretalet.

Basisframtidsbiletet tek utgangspunkt i ein passasjervekst på 5,4 prosent i 2006 og 3,3 prosent for kvart av åra 2007-2010. I dette biletet blir driftsresultatet redusert ned mot 500 mill. kr i



Figur 5.1 Utvikling i økonomiske nøkketal for Luftfartsverket og Avinor, 1994–2005. Mill. kr

2010. Eit framtidsbilete for vekst legg til grunn ein passasjervekst på 6,0 prosent pr. år i perioden 2006–2010. Her aukar driftsresultatet til 1,1 mrd. kr i 2010. I eit framtidsbilete med låg vekst er det føresetta ein vekst i passasjertalet på 1,0 prosent kvart år. Under denne føresetnaden blir driftsresultatet negativt i slutten av perioden.

Dei interne overføringane mellom dei ulike einingane i konsernet var 805 mill. kr i 2005. I basisframtidsbiletet når dei interne overføringane ein topp på 1,4 mrd. kr i 2008 for så å falle attende til ca 900 mill. kr i 2010. Den viktigaste årsaka til denne utviklinga er investeringane i samband med revidert forskrift om utforming av store flyplassar, som vil nå sitt høgaste nivå i perioden 2007–2009.


Avinor hadde ved utgangen av 2005 likviditetsreservar på 2,3 mrd. kr i form av bankinnskott, kontantar og liknande. I alle tre framtidsbileta blir likviditeten redusert fram mot 2010. Hovudårsaka til dette er omfattande investeringar dei neste åra, mellom anna som følgje av revidert forskrift om utforming av store flyplassar.

Framtidsbileta vart utarbeidde tidleg i 2006, og har ikkje vore oppdaterte sidan. Sidan den gong har trafikkveksten vore sterkare enn venta. Men ifølgje Avinor har det òg vore ein høgare vekst i investeringane og kostnadene som følgje av krav frå marknaden og styresmaktene. Dess-

utan har kostnadene i flysikringstenesta auka. Avinor reknar med eit driftsresultatet for 2006 på rundt 1,1 mrd. kr. Budsjettet for 2007 viser et noko lågare resultat som følgje av stor vekst i kostnadene. Avinor viser til at økonomien i selskapet dei komande åra mellom anna vil avhenge av trafikkutviklinga og dei rammevilkåra som vert sette for trafikkinntektene gjennom takstregulativet. Når det gjeld likviditeten, kan sterk trafikkvekst gjere det nødvendig å byggje ein ny terminal ved Oslo lufthamn, Gardermoen tidlegare enn planlagt. Dette er ei investering på rundt 2,5 mrd. kr. Avinor opplyser at selskapet reknar med å lånefinansiere den høge investeringstakten frå 2008. Selskapet opplyser at dette kan føre til at likviditeten blir redusert meir enn det som vart lagt til grunn i framtidsbileta. Sjå nærare om finansiering og låneopptak under.

Takstpolitikk og statleg kjøp

Figur 5.2 viser indeksar for utviklinga i takstnivået i Luftfartsverket og Avinor samanlikna med konsumprisindeksen frå Statistisk sentralbyrå for perioden 1996–2006. I perioden har takstnivået auka mindre enn den generelle prisstigninga. Som følgje av nye tiltak mot terror og sabotasje etter 11. september 2001, som har vore finansierte gjennom



Figur 5.2 Indeksar for utvikling av takstnivået i Luftfartsverket og Avinor samanlikna med konsumprisindeksen frå Statistisk sentralbyrå. 1996-2006

avgiftssystemet, voks avgiftsnivået meir enn konsumprisindeksen i perioden 2002-2004.

Samferdselsdepartementet sette ned takstane med nominelt 4,3 prosent frå 1. januar 2006. Tek ein omsyn til den siste prognosen frå Statistisk sentralbyrå, som viser ein prisvekst i 2006 på 2,4 prosent, vil realnedgangen i takstnivået kunne utgjere 6,7 prosent. Dette kjem i tillegg til realnedgangen på 4,5 prosent i 2005.

Med bakgrunn i framtidsbileta over konkluderer Avinor med at målsetjinga for åra 2007 og 2008 er å redusere avgiftene nominelt med 10-15 prosent.

Figur 5.3 viser utviklinga i statens kjøp av lufthamtenester frå Luftfartsverket og seinare Avinor for perioden 1997-2006. Det var ein sterk auke i kjøpsbeløpet på byrjinga av 2000-talet. I 2005 vart beløpet redusert, og i 2006 vart kjøpsbeløpet sett til null. Samferdselsdepartementet har heller ikkje foreslått løyvingar på denne posten i 2007, jf. St.prp. nr. 1 (2006-2007).

I framtidsbileta over har Avinor lagt til grunn at det ikkje blir løyvt midlar til statleg kjøp av lufthamtenester i perioden til og med 2010. Avinor understrekar at det er uvisse i framtidsbileta, og


at ei negativ utvikling vil kunne gjere det nødvendig med statleg kjøp til dei regionale flyplassane.

Investeringar

For 2006 har Avinor budsjettert med investeringar på 1,3 mrd. kr. I 2005 utgjorde investeringane 826 mill. kr. Auken frå 2005 til 2006 utgjør 56 prosent. Tabell 5.1 gir ei oversikt over investeringane for 2006. Total kostnadsramme for prosjekta og år for ferdigstilling er òg oppgitt.

Avinor planlegg å investere 205 mill. kr i 2006 i samband med forskrift om utforming av store flyplassar. Totalt investeringsramme for dette prosjektet er 1,8.mrd. kr innan utgangen av 2010. Det alt vesentlege av beløpet er knytt til dei 25 kortbaneflyplassane i Avinor. Det er førebels usikkert kva kostnader som vil falle på dei andre lufthamnene i Avinor, jf. omtala i kap. 5.1.1.

Avinor legg opp til å investere 16 mill. kr i satellittbaserte innflygingssystem på kortbaneflyplassane i 2006 (SCAT I). Total ramme for prosjektet er 150 mill. kr innan 2008, jf. omtala i kap. 5.1.1.



Figur 5.3 Statleg kjøp av lufthamntenester frå Avinor. 1997-2006. Mill. kr

På terminalsida vil Avinor investere 402 mill. kr i 2006. Prosjekta har ei total kostnadsramme på 964 mill. kr innan utgangen av 2008. Rundt ein tredjedel av totalbeløpet er knytt til tiltak mot terror og sabotasje. Dei viktigaste prosjekta elles er (total kostnadsramme innan 2008 i parentes): Ter-

minalbygg ved Stavanger lufthamn, Sola (288 mill. kr), nytt ekspedisjonsområde ved Kirkenes lufthamn, Høybuktmoen (146 mill. kr), terminalbygg ved Brønnøysund lufthamn, Brønnøy (100 mill. kr) og bagasjehandteringssystem ved Oslo lufthamn, Gardermoen (96 mill. kr).

Tabell 5.1 Investeringar i 2006, total investeringsramme og år for ferdigstilling av prosjekta. Mill kr

	Investering i 2006	Total investeringsramme	Ferdigstilling, år
Investeringar i samband med forskrift om utforming av store flyplassar	205	1 770	2010
Satellittbasert innflygingssystem på kortbaneflyplassane (SCAT I)	16	150	2008
Terminalar (betening av passasjerar)	402	964	2008
Anna lufthamndrift (betening av flya)	149	268	2008
Flysikring	103	772	2012
Kommersielle aktivitetar	358	788	2007
Anna	43	73	2007
Samla	1 295	4 768	

Innan området lufthamndrift, det vil seie det som er retta mot flya, planlegg Avinor å investere 149 mill. kr i 2006. Innan utgangen av 2008 skal Avinor ha investert 268 mill. kr i dei same prosjekta. Dei viktigaste prosjekta er (total kostnadsramme innan 2008 i parentes): Betra innflygings-system ved Stavanger lufthamn, Sola (65 mill. kr) og nytt driftsbygg ved Trondheim lufthamn, Værnes (61 mill. kr).

Innan Flysikringsdivisjonen vil Avinor investere 103 mill. kr i 2006 og 772 mill. kr i dei vedtekne prosjekta innan utgangen av 2012. Dette er i hovudsak fordelt på det såkalla radarprogrammet, med ei total kostnadsramme innan 2012 på 390 mill. kr, og utskifting av flykontrollsystemet (NATCON) med ei total kostnadsramme innan 2009 på 369 mill. kr. Prosjekta er nærare omtala i kapittel 5.1.2.

Innan dei kommersielle aktivitetane (parke-ringsverksemd, hotellverksemd, uteleige av areal og avgiftsfritt sal) vil Avinor investere 358 mill. kr i 2006 og 788 mill. kr på dei same prosjekta innan utgangen av 2007. Det største tiltaket er nytt parke-ringshus på Oslo lufthamn, Gardermoen som har ei total kostnadsramme på 380 mill. kr. Gjennom dotterselskapet Flesland Eiendom AS skal Avinor vidare byggje eit flyplasshotell ved Bergen lufthamn, Flesland til 180 mill. kr. Avinor skal òg utvide dagens flyplasshotell ved Oslo lufthamn, Gardermoen for 140 mill. kr innan utgangen av 2007.

Kommersiell verksemd

Dei såkalla kommersielle inntektene frå parke-ringsverksemd, hotellverksemd, utleige av areal og avgiftsfritt sal på lufthamnene utgjør 40 prosent av inntektene i Avinor. I § 10-planen viser Avinor til at selskapet vil halde fram med å utvikle desse områda, og Avinor har eit mål om at dei kommersielle inntektene skal vekse 50 prosent raskare enn talet på passasjerar.

Finansiering og låneopptak

Avinor hadde pr. utgangen av 2005 ei langsiktig renteberande gjeld på 7,0 mrd. kr, i hovudsak knytt til eit lån frå staten til Oslo Lufthavn AS.

I § 10-planen viser Avinor til at selskapet i dag har ein solid finansiell situasjon. På kort sikt har selskapet tilstrekkeleg likviditet til å finansiere investeringane sine. Avinor står overfor store investeringar dei nærmaste åra, mellom anna i samband med forskrift om utforming av store fly-

plassar og mogleg behov for ein ny terminal ved Oslo lufthamn, Gardermoen.

Avinor legg til grunn at det vil bli nødvendig å finansiere framtidige investeringar gjennom låneopptak. Avinor vil setje i gang arbeid for å leggje forholda til rette for at selskapet kan ta opp lån til mest mogleg gunstige vilkår i den private marknaden. Prognosar viser at det tidlegast vil vere aktuelt med låneopptak i 2008. Lånebehovet fram til 2010 er berekna til maksimalt to mrd. kr.

Det skal elles nemnast at Avinor har etablert nokre av dei større kommersielle aktivitetane i eigne juridiske einingar. Prosjekta blir finansierte med lån og eigenkapital, slik at risikoen for Avinor er avgrensa til den eigenkapitalen som er skoten inn. Dette gjeld følgjande selskap: Oslo Lufthavn Eiendom AS, Avinor Parkeringsanlegg AS, Flesland Eiendom AS og Værnes Eiendom AS.

5.3 Marknad

Marknadsutvikling


Figur 5.4 viser utviklinga i talet på flypassasjerar på lufthamnene til Avinor for perioden 1990-2005 og ei prognose for perioden 2006-2010.

Ein jamn vekst i passasjertalet på heile 1990-talet vart avløyst av stagnasjon og nedgang frå toppåret 1999. I 2003 var passasjertalet nede på 1997-nivå. Eit vendepunkt kom på slutten av 2003, og sidan den gong har passasjertalet vakse jamt. Det tidlegare toppåret 1999 vart passert i 2005. Den sterke trafikkveksten har halde fram i 2006. Ved utgangen av oktober 2006 hadde passasjertalet auka med 11,2 prosent sidan byrjinga av året. Veksten dei seinaste åra har vore særleg sterk på utlandet. Ved utgangen av oktober 2006 hadde utanlandstrafikken auka med 15,6 prosent sidan byrjinga av året.

Avinor reknar med at trafikken vil halde fram med å vekse dei nærmaste åra. Ifølgje den siste oppdaterte prognosa frå Avinor, vil det vere 40,2 mill. passasjerar på lufthamnene til Avinor i 2010.

Ikkje-statlege lufthamner i det sentrale Austlandsområdet

I § 10-planen viser Avinor til at selskapet i hovudsak er einetilbydar av lufthamn- og flysikringstener i Noreg. Avinor reknar difor andre transportmiddel, særleg bilen, som sin viktigaste konkurrent. På lufthamnsida viser Avinor likevel til at Oslo lufthamn, Gardermoen møter konkurranse



Figur 5.4 Millionar passasjerar på lufthamnene til Avinor. Innlands, utanlands og samla. 1990-2005. Prognose 2006-2010

frå Sandefjord lufthavn, Torp og etter kvart Moss lufthavn, Rygge. Avinor viser til at det er det viktig at desse lufthamnene har same vilkår som Oslo lufthavn, Gardermoen, slik at Oslo lufthavn, Gardermoen kan halde fram med å dekkje underskottet på dei ulønnsame flyplassane.

Regionale utviklingsfora

Avinor viser til at selskapet er kome i ein situasjon der Avinor konkurrerer mot andre europeiske lufthamner for å trekkje til seg trafikk med lågkostselskap. I denne samanheng har Avinor teke initiativ til å opprette regionale utviklingsfora, i første rekkje i tilknytning til dei største lufthamnene. Formålet med desse foruma er at lokale og regionale styresmakter, saman med reiselivet og anna næringsliv, skal medverke med økonomiske støtte til oppretting av nye ruter.

Punktlegheit og regularitet

På bakgrunn av den negative utviklinga i punktlegheita og regulariteten har Avinor etablert eit samarbeid med flyselskapa med sikte på å snu denne utviklinga. Tiltak for å hindre driftsavbrott som følgje av forhold i flysikkeringsstenesta blir drøfta i kapitlet 5.5. Kommenterarar frå Samferdselsdepartementet følgjer i kapittel 5.6.5.

Kundemålingar

Avinor vil halde fram med kundemålingar kvartanna år, og målingane vil bli utvida til også å gjelde flyselskapa.

Konsultasjonsordningar

Avinor har etablert eit system med faste samarbeidsforum med brukarane både på sentralt og lokalt nivå. På sentralt nivå har ein forum for følgjande område: i) Overordna og prinsipielle spørsmål, ii) avgifter og investeringar, iii) flytryggleik og iv) operative problemstillingar. Avinor har òg starta eit samarbeid med flyselskapa for å drøfte innføring av eventuelle serviceavtaler mellom flyselskapa og Avinor. På lokalt nivå er det etablert samarbeidsforum som arbeider med spørsmål knytte til den daglege drifta.

Tilgjenge

Avinor har utarbeidd ein kvalitetsplan for heile flyreisa. Formålet med dette arbeidet har vore å sikre at flyreiser er tilgjengelege for alle. Planen legg opp til at kvar einskild lufthavn skal rapportere om tilgjenge ved eiga eining og prioritere tiltak lokalt.

5.4 Tilbringarteneste, miljø og samfunn

Tilbringarteneste

I § 10-planen viser Avinor til at selskapet arbeider for at ein høg prosentdel av trafikken til og frå flyplassane i selskapet skal gå føre seg med kollektive transportmiddel.

Spørsmålet om kollektivdelen i tilbringartenesta har spesiell relevans for Oslo lufthamn, Gardermoen. I dei rikspolitiske retningslinene som vart fastsette i samband med utbygginga av Oslo lufthamn, Gardermoen, var det ei målsetjing om at 50 prosent av reisene til og frå den nye flyplassen skulle gå føre seg med kollektive transportmiddel.

I stortingsproposisjonen om utbygginga på Gardermoen presenterte regjeringa ulike analyser for tilbringartenesta. Analysane vista at med eit jernbanebasert tilbringarsystem ville rundt 60 prosent av passasjerane nytte tog og buss. Det vart vist til at kollektivdelen kunne bli redusert etter kvart som folk og næringsliv ville slå seg ned nærare flyplassen og i større grad nytte bil til og frå Gardermoen, jf St.prp. nr. 90 (1991-1992) Utbygging og finansiering av hovedflyplass for Oslo-området på Gardermoen med tilhørende tilbringarsystem og konsekvenser for Forsvaret.

I reguleringsplanen for den nye hovudflyplassen på Gardermoen heiter det at utbygginga av parkeringsplassar for flypassasjerar skal skje etappevis og tilpassast eit konkret overordna mål om at minst 50 prosent av flypassasjerane skal reise kollektivt til og frå flyplassen. I reguleringsplanen er det vidare sett eit tak på 14 000 parkeringsplassar for flypassasjerar innan reguleringsområdet.

Oslo Lufthavn AS viser til reisevaneundersøkingar som selskapet gjorde i 1999 og 2005. Ifølgje desse undersøkingane gikk 59 prosent av reisene til og frå Oslo lufthamn, Gardermoen føre seg med dei kollektive transportmidla buss og tog i 2005. Tilsvarande tal for 1999 var 64 prosent. Sjølv om det var prosentvis færre som nytta buss og tog i 2005 enn i 1999, viser Avinor til at ein kollektivdel på 59 prosent framleis er eit høgt tal i ein internasjonal samanheng.

Ved opninga av Oslo lufthamn, Gardermoen i 1998 kunne Oslo Lufthavn AS tilby 8 000 parkeringsplassar. I takt med trafikkutviklinga var tilbodet auka til 10 800 plassar ved utgangen av 2005. Oslo Lufthavn AS er no i ferd med å byggje eit nytt parkeringshus med plass til 2 600 bilar, jf. kapittel 5.2. Når det nye parkeringshuset er fer-

dig, vil Oslo lufthavn AS kunne tilby knapt 13 400 parkeringsplassar til flypassasjerane.

I tillegg til tilbodet på parkeringsplassar frå Oslo Lufthavn AS, kjem tilbodet av parkeringsplassar frå private aktørar som er lokaliserte utanfor reguleringsområdet til Oslo Lufthavn AS.

Miljø

Avinor nyttar kjemikalier i samband med avvising av fly og brannøvingar. Avinor har eit overvakingssystem for å sikre at utleppa held seg innan vilkåra i utsleppsløyva.

Både i samband med drift og investeringar følger Avinor i størst mogleg grad krava i forskrifta om miljøriktige innkjøp.

Støy

I forureiningsforskrifta er det stilt krav om at det må setjast i verk tiltak når støyen inne i bustader overstig ein fastsett grenseverdi. Avinor avslutta arbeidet med isoleringstiltak på bustader etter denne forskrifta i 2005. I perioden 1999-2003 er støypлага frå luftfart blitt redusert med om lag 22 prosent.

Avinor vil halde fram arbeidet med å kartlegge støy rundt sine lufthamner. Selskapet har ei målsetjing om at alle lufthamnene i Avinor skal ha oppdaterte flystøysonekart innan 4-8 år. Nye/oppdaterte flystøysonekart er alt presenterte for 13 lufthamner. Berekningar viser at det ikkje har kome til nye bustadar rundt desse lufthamnene som treng isoleringstiltak etter forureiningsforskrifta. Avinor vil vidare vurdere flyoperative prosedyretiltak mot støy.

Ei gruppe busette rundt Oslo lufthamn, Gardermoen gjekk i 2002 til sak mot Oslo Lufthavn AS med krav om erstatning som følgje av flystøy. Høgsterett avsa dom i saka 2. mai 2006. Oslo Lufthavn AS tapte saka. Avinor reknar med at selskapet må ut med erstatningar på rundt 50 mill. kr som følgje av dommen. Etter Avinor si vurdering kan dommen få konsekvensar for andre lufthamner og andre transportsektorar.

Tredje rullebane ved Oslo lufthamn, Gardermoen

I § 10-planen viser Avinor til at selskapet vil medverke i lokale og nasjonale planprosessar for å sikre at forholda blir lagde til rette for nødvendig ekspansjon, mellom anna ved å bandleggje areal for ei tredje rullebane ved Oslo lufthamn, Gardermoen.

5.5 Flysikringstenesta

Behovet for flygeleiarar

I samband med resultatforbetningsprogrammet «Take-off-05» utarbeidde Avinor tidleg på 2000-talet prognosar for behovet for flygeleiarar. Prognosane viste at det ville bli eit overskott av denne yrkesgruppen i perioden 2005-2009. På bakgrunn av dette stansa Avinor utdanninga av nye flygeleiarar mellombels i 2003. Til saman vart tre planlagde kull stansa, eit i 2003 og to i 2004.

Dei planlagde omstillingane førde til uro i flysikringstenesta, og omstillingane i denne delen av Avinor har ikkje vore gjennomførde som planlagt. På slutten av 2005 var det fleire driftsavbrott i flysikringstenesta. Samferdselsdepartementet registrerer at det framleis er problem med kapasiteten innan flysikringstenesta, noko som råkar både sivile og militære brukarar av flysikringstenestene.

Avinor kom i byrjinga av 2006 fram til at behovet for flygeleiarar hadde vorte undervurdert i samband med «Take-off-05». For å betre tilgangen på flygeleiarar i framtida, har Avinor teke opp att utdanninga av flygeleiarar tidlegare enn planlagt. Eit nytt kull vart starta hausten 2005 og to nye kull hausten 2006. Nye kull er planlagde for 2007. Avbrottet i utdanninga vart likevel to år, og dei som starta utdanninga hausten 2005, vil ikkje vere ferdig utdanna før hausten 2007. Utdanning av nye flygeleiarar er såleis eit tiltak som først vil gi verknad etter at det har gått ei tid.

For å auke kapasiteten i flysikringstenesta på kort sikt, har Avinor sett i verk tiltak for å utnytte dagens flygeleiar kapasitet best mogleg. Flygeleiarane skal såleis i størst mogleg grad brukast i operativ drift, og turnusar og ferieavviklinga skal styrast betre.

For å betre det interne samarbeidsklimaet, har Avinor gått kritisk igjennom årsakene til dei problema som har vore. Tiltak er sette i verk. Mellom anna er det utvikla ein ny modell for samarbeidet mellom leiinga og dei tillitsvalde. Dette er eit tiltak som gjeld heile selskapet. Avinor understrekar likevel at det er nødvendig å gjennomføre planlagde effektiviseringar også i flysikringstenesta.

Avinor vurderer òg å rekruttere flygeleiarar frå utlandet, men gjer merksam på at det generelt er mangel på flygeleiarar også internasjonalt. Avinor har likevel kontakt med 10-15 interesserte utanlandske flygeleiarar med sikte på å gi dei eit tilbod. Avinor har òg forsøkt å leige inn flygeleiarar frå andre operatørar. Krav til utdanning og kla-

rering av personell frå styresmaktene set her grenser for kven som kan vere aktuelle tilbydarar. Ingen av dei mest aktuelle tilbydarane har kunna tilby hjelp.

Avinor har, saman med Luftfartsverket i Sverige og Naviar i Danmark, oppretta eit selskap kalla Entry Point North. Selskapet held til ved flyplassen Sturup i Malmö og driv opplæring av flygeleiarar for dei tre organisasjonane etter felleseuropeiske krav. Skolen vart offisielt opna i mars 2006.

Det felleseuropeiske luftrommet

Den einskaplege sertifiseringa av operatørar av flysikringstenester innan det felleseuropeiske luftrommet vil vere med på å leggje forholda til rette for ei utvikling mot ein marknad for flysikringstenester innan Europa, jf. kapittel 3.3. Avinor tek sikte på at selskapet skal vere sertifisert tråd med det nye regelverket i løpet av 2007.

I § 10-planen opplyser Avinor at delar av flysikringstenesta teknisk sett alt i nær framtid kan drivast av andre operatørar enn Avinor, lokaliserte utanfor Noreg. Avinor peikar på at det for selskapet blir viktig å vere proaktiv. Avinor tek sikte på å levere flysikringstenester med høgt tryggleiksnivå og til konkurransedyktige prisar i tida framover.

Sverige og Danmark har i lengre tid drøfta ulike konsept for samarbeid i delar av sine luftrom. Avinor deltok tidlegare i dette arbeidet, men trekte seg ut fordi selskapet ikkje fann prosjektet lønnsamt. Det ligg for tida ikkje føre konkrete planar om å opprette grensekryssande luftromsblokkar mellom Noreg og nabolanda. Men Avinor opplyser at selskapet driv sonderingar med nabolanda for å undersøke om det er mogleg å drive lufttrafikktenesta på tvers av landegrensene. I denne samanhengen blir òg vurdert om det er mogleg å danne ein grensekryssande luftromsblokk.

Avinor vil vurdere å delta i forskings- og utviklingsprogrammet innan det felleseuropeiske luftrommet (SESAR) når definisjonsfasa er over.

Reduksjon i talet på kontrollsentralar

Styret i Avinor vedtok i 2004 at Oslo kontrollsentral i Røyken skulle leggjast ned og at funksjonane skulle delast mellom kontrollsentralen i Stavanger og ein ny innflygingskontroll for Austlandet på Gardermoen.

I eit vedtak i september 2006 presiserte styret at ein såkalla matesektorfunksjon for Austlandet skal leggjast til den nye innflygingskontrollen på

Gardermoen. Vidare vedtok styret at nedlegginga av kontrollsentralen i Røyken skulle utsetjast til 2011-2012. Årsaka til utsetjinga var at Avinor vil innføre det nye trafikkreguleringssystemet for Austlandsområdet (OSLO ASAP) før sentralen i Røyken blir lagd ned. Sjå kapittel 5.1.2 for ei nærare beskriving av OSLO ASAP.

Det står likevel fast at Noreg skal ha to kontrollsentralar i framtida, ein i Stavanger og ein i Bodø. Den nye Kontrollsentral Sør i Stavanger skal ha ansvaret for undervegstrafikken i Sør-Noreg, off-shoresektorane og dessutan oppgåver knytte til innflygingskontrolltenester for lufthamnene på Sørlandet, Sørvestlandet og Vestlandet. Innflygingskontrollen på Gardermoen skal ha ansvaret for innflygingskontrollen for flyplassane på Austlandet og matesektorfunksjonen for Austlandet.

5.6 Kommenterar frå Samferdselsdepartementet

5.6.1 Flytryggleik

Regjeringa har ein visjon om at det ikkje skal skje ulykker med alvorleg skadde eller drepne innan transportsektoren, den såkalla nullvisjonen. Innan luftfarten er nullvisjonen langt på veg ein realitet. Dette viser at det langsiktige arbeidet med tryggleiken innan luftfarten, der ikkje minst Avinor har spelt og spelar ei vesentleg rolle, har gitt resultat. Samferdselsdepartementet vil understreke at det er viktig at dette arbeidet held fram.

Forskrift om utforming av store flyplassar

I St.meld. nr. 38 (1996-1997) Norsk luftfartsplan 1998-2007, Jf. Innst. S. nr. 228 (1996-1997), vart det sett opp ei målsetjing om at det skulle vere like trygt å fly med rute- og charterfly i Noreg som i dei andre vesteuropeiske landa. Denne målsetjinga har lege til grunn for arbeidet i Luftfartstilsynet med forskrift om utforming av store flyplassar. Med utgangspunkt i nullvisjonen vil Samferdselsdepartementet halde på denne målsetjinga. Samferdselsdepartementet har difor som mål at tryggleiken på alle norske flyplassar, inkludert kortbaneflyplassane, skal vere på same nivå som i annan vesteuropeisk luftfart.

Samferdselsdepartementet har merka seg at det vil vere krevjande å gjennomføre forskrifta og at forskrifta vil føre til kostnader for Avinor. Når det gjeld konsekvensane for lufthamnstrukturen, vil Samferdselsdepartementet vise til Soria Moria-erklæringa, der det heiter at dagens lufthamn-

struktur skal oppretthaldast, så sant det ikkje er eit uttrykt ønske lokalt om å leggje ned ein flyplass. Samferdselsdepartementet kan ikkje sjå at det har kome signal frå lokalt hald om at det er ønske om å leggje ned flyplassar. Samferdselsdepartementet har såleis som utgangspunkt at ingen lufthamner skal leggjast ned som følgje av forskrift om utforming av store flyplassar.

Etter Samferdselsdepartementet si vurdering ligg dei kostnadene som har kome fram, innanfor det som kan akseptierast. Departementet vil i denne samanhengen òg vise til at forskrifta opnar for ulike kompenserande tiltak i dei tilfella der det viser seg at det ikkje vil vere teknisk eller økonomisk mogleg å tilfredsstille krava til tryggleiksområda. Kompenserande tiltak kan såleis medverke til å redusere kostnadene ved forskrifta. Nokre av dei kompenserande tiltaka kan gå ut over transportstandarden. Samferdselsdepartementet kan likevel ikkje sjå at det er kome fram opplysningar som ikkje tilseier at det i hovudsak skal vere mogleg å vidareføre dagens transportstandard på kortbaneflyplassane.

Samferdselsdepartementet meiner ut frå dette at dagens lufthamnstruktur vil kunne oppretthaldast i tråd med Soria Moria-erklæringa. Departementet legg difor til grunn at Avinor held fram arbeidet med å oppgradere alle sine lufthamner i tråd med den nye forskrifta. Spørsmålet om korleis tiltaka som følgjer av dei nye krava, skal finansierast, er drøfta nærare i kapittel 5.6.2 under.

Innflygingsssystem på kortbaneflyplassane

I Soria Moria-erklæringa har Regjeringa slått fast at best mogleg tryggleik og regularitet på kortbaneflyplassane skal sikrast gjennom å betre innflygingsutstyret på flyplassane. Samferdselsdepartementet har merka seg at Avinor har som mål gradvis å ta i bruk eit satellittbasert innflygingsystem (SCAT I) på kortbaneflyplassane frå 2007 og utover.

Når systemet er godkjent og ferdig utprøvt, vil Samferdselsdepartementet vurdere om det i framtidige anbudsrundar på kortbanenettet bør stillast krav om at operatørane skal ha utstyr i flya slik at dei kan nytte systemet.

5.6.2 Økonomi

Samferdselsdepartementet disponerer ei rekkje økonomiske verkemiddel overfor Avinor, både som eigar og som sektordepartement. Samferdselsdepartementet fastset takstane til Avinor.

Dessutan har ein ordninga i statsbudsjettet med statleg kjøp av lufthamntenester. I tillegg kjem dei reine eigarverkemidla som fastsetjing av avkastingskrav og utbytte. Samferdselsdepartementet nyttar òg eigarrolla til å fastsetje dei samfunnsplagde oppgåvene i Avinor, jf. drøftinga i kapittel 3.1. For departementet er det viktig å sjå desse verkemiddela i samanheng, slik at Avinor får ein økonomi som set selskapet i stand til å løyse dei oppgåvene selskapet blir pålagt.

I det følgjande gir Samferdselsdepartementet si vurdering av takstpolitikken, statleg kjøp, finansiering og låneopptak for Avinor dei neste åra. Departementet gir òg sine kommentarar til den kommersielle satsinga i Avinor. Avkastingskrav og utbyttepolitikken er drøfta nærare i kapittel 6.2 og 6.3.

Takstpolitikk og statleg kjøp

I framtidsbileta frå Avinor i kapittel 5.2 er det lagt til grunn at staten ikkje går inn med statleg kjøp dei neste åra. Avinor understrekar at prognosane er usikre, og at ei negativ utvikling vil kunne gjere det nødvendig med statleg kjøp til dei regionale flyplassane.

Samferdselsdepartementet vil vise til den førre eigarmeldinga, der det vart lagt opp til at underskottet på dei regionale lufthamnene skulle kunne dekkjast både gjennom kjøp og gjennom intern krysssubsidierting i Avinor, jf. St.meld. nr. 36 (2003-2004) og Innst. S. nr. 262 (2003-2004).

På bakgrunn av dei økonomiske utsiktene for Avinor for 2006 vart det ikkje løyvt midlar til statleg kjøp av lufthamntenester i 2006, jf. St.prp. nr. 1 (2005-2006) og B.innst.S. nr. 13 (2005-2006). Den økonomiske utviklinga for Avinor så langt i 2006 har òg vist seg positiv. Trafikken veks raskare enn venta, og Avinor styrer mot ein auke i driftsresultatet, trass i reduksjonen i takstnivået og trass i at selskapet ikkje mottek midlar til statleg kjøp. Samferdselsdepartementet har difor heller ikkje foreslått å løyve midlar til statleg kjøp i 2007, jf. St.prp. nr. 1 (2006-2007). Bortfallet i statleg kjøp dei to siste åra må òg sjåast i samanheng med at infrastrukturen til luftfarten vart omfatta av opplegget for meirverdiavgifta frå og med 2005, noko som har gitt Avinor ein gevinst på meir enn 350 mill. kr i året.

Samferdselsdepartementet vil vise til at Avinor står overfor økonomiske utfordringar også i åra etter 2007, mellom anna i samband med forskrift om utforming av store flyplassar. Samstundes er Avinor inne i ein periode med trafikkvekst og ei positiv økonomisk utvikling.

I Soria Moria-erklæringa har Regjeringa slått fast at ordninga med krysssubsidierting mellom bedriftsøkonomisk lønnsame og ulønnsame flyplassar skal vidareførast og at lufthamnstrukturen skal oppretthaldast. Sett i lys av dei store utfordringane på andre samferdselsområde, mellom anna på veg og bane, legg Samferdselsdepartementet i utgangspunktet ikkje opp til å gå inn att med statleg kjøp av lufthamntenester etter 2007. Departementet vil i denne samanhengen òg vise til gevinsten for Avior ved at infrastrukturen til at luftfarten no er omfatta av opplegget for meirverdiavgifta.

Ut frå dette følgjer det at Samferdselsdepartementet har som utgangspunkt at kostnadene i samband med forskrift om utforming av store flyplassar skal dekkjast gjennom intern krysssubsidierting i Avinor. I desse vurderingane støttar Samferdselsdepartementet seg mellom anna på den verddivurderinga av Avinor som har vore gjennomført i samband med denne meldinga. Sjå nærare omtale av verddivurderinga i kapittel 6.1.

I framtidsbileta i kapittel 5.2. konkluderer Avinor med at målsetjinga for åra 2007 og 2008 er å redusere avgiftene nominelt med 10-15 prosent. Selskapet understrekar samstundes at prognosane er usikre. For Samferdselsdepartementet var takstreduksjonane i 2005 og 2006 eit bidrag til å halde nede billettprisane på flyreiser og sikre god tilgang til flytransport i alle delar av landet. Samferdselsdepartementet stiller seg i utgangspunktet positivt til ein vidare reduksjon i takstnivået. Departementet vil likevel i sin takstpolitikk ta omsyn til at Avinor får høve til å løyse dei oppgåvene selskapet blir pålagt når Samferdselsdepartementet ikkje løyver midlar til statleg kjøp.

Samferdselsdepartementet vil peike på at luftfarten er ei omskifteleg næring. Uføresette hendingar kan endre det biletet ein i dag har av situasjonen i Avinor. Departementet vil difor følgje utviklinga nøye. Samferdselsdepartementet vil ta konkret stilling til utviklinga i takstnivået og innretninga av takstane i samband med den årlege fastsetjinga av takstregulativet til Avinor. På same måte vil behovet for kjøp av lufthamntenester bli vurdert konkret i samband med dei årlege budsjettprosessane.

Finansiering og låneopptak

I lys av dei store investeringane Avinor står overfor dei nærmaste åra, ser Samferdselsdepartementet at Avinor kan få behov for å ta opp lån i den private marknaden. Departementet føreset at Avinor tek opp lån til mest mogleg gunstige vilkår.

Departementet føreset elles at Avinor held seg innanfor dei avgrensingane som er gitt i § 11 i vedtektene til selskapet. Her heiter det at eigenkapitalen ikkje skal gå under 40 prosent av summen av bokført renteberande langsiktige lån og eigenkapital. Vidare skal ikkje den totale renteberande langsiktige gjelda overstige 10,5 mrd. kr. Dessutan skal ikkje eigedelar som inngår i basisverksemda til selskapet, kunne stillast som pant.

Kommersiell verksemd

Dei såkalla kommersielle inntektene utgjer om lag 40 prosent av inntektene i Avinor. Samferdselsdepartementet vil peike på at denne verksemda er viktig for å kunne halde nede avgiftene flyselskapa betaler til Avinor.

Departementet legg til grunn at Avinor held fram med å utvikle den kommersielle verksemda slik at denne aktiviteten byggjer opp under hovudverksemda i selskapet og er avgrensa til lufthamn-områda, i tråd med § 3 i vedtektene til selskapet. Endringar i dette må leggjast fram for samferdselsministeren, jf. § 10 i vedtektene.

Effektivitet

Avslutningsvis i dette kapitlet vil Samferdselsdepartementet understreke at det er viktig at Avinor held fram arbeidet med sikte på ein mest mogleg kostnadseffektiv drift.

5.6.3 Marknad

Ikkje-statlege lufthamner i det sentrale Austlandsområdet

I kongeleg resolusjon av 19. november 2004 gav Bondevik II-regjeringa konsesjon til sivil lufthamndrift på Rygge militære flystasjon. Konsesjonen vart gitt til Generalinspektøren for Luftforsvaret, men lufthamna skal drivast av det private selskapet Rygge sivile lufthavn AS etter avtale med Forsvaret. Det offisielle namnet på den sivile delen av lufthamna blir Moss lufthavn, Rygge.

I konsesjonen til Moss lufthavn, Rygge er det sett eit passasjertak på i underkant av 800 000 passasjerar pr. år. I konsesjonen heiter det vidare at Samferdselsdepartementet skal fastsetje takstane på lufthamna gjennom forskrift. Dette er heimla i luftfartslova som gir departementet høve til å fastsetje takstane både på statlege og ikkje-statlege lufthamner. Samferdselsdepartementet er no i ferd med å fastsetje premissa for den framtidige takspolitikken for Moss lufthavn, Rygge.

Utover Moss lufthamn, Rygge er det for tida fire ikkje-statlege lufthamner i Noreg som driv med rutetraffic. Den største av desse er Sandefjord lufthavn, Torp med 1,2 mill. passasjerar i 2005.

Samferdselsdepartementet vil vise til at ikkje-statlege lufthamner i det sentrale Austlandsområdet i tillegg til Oslo lufthamn, Gardermoen vil vere positivt for passasjerane som vil kunne få nye reisetilbod. Auka konkurranse kan òg verke skjerpande på Oslo lufthamn, Gardermoen og Avinor. På den andre sida kan dei ikkje-statleg lufthamnene medverke til å undergrave Gardermoen si evne til å finansiere ulønnsame flyplassar i Distrikts-Noreg.

Samferdselsdepartementet vil i denne samanheng peike på at Oslo lufthamn, Gardermoen hadde nærare 16 mill. passasjerar i 2005. Sandefjord lufthavn, Torp hadde 1,2 mill. passasjerar i 2005. Departementet kan ikkje sjå at Sandefjord lufthavn, Torp hittil har utgjort ein alvorleg trussel mot Oslo lufthamn, Gardermoen og Avinor.

Det er departementet si vurdering at innan det gjeldande konsesjonstaket på knapt 800 000 passasjerar vil heller ikkje den sivile lufthamndrifta på Rygge utgjere ein alvorleg trussel mot Oslo lufthamn, Gardermoen og Avinor. Dersom passasjertalet går over taket, skal Samferdselsdepartementet varslast. I tilfelle talet på passasjerar skal aukast ut over dagens tak, må konsesjonen behandlast på nytt. I denne samanhengen må det mellom anna vurderast om ein auke i passasjertalet vil vere i samsvar med allmenne omsyn.

Rygge Sivile Lufthavn AS planlegg å starte flygingar hausten 2007. Rygge Sivile Lufthavn AS meiner at trafikken kan nå passasjertaket alt kort tid etter oppstarten. Rygge Sivile Lufthavn AS har varsla Forsvaret om dette, og bede Forsvaret ta dette opp med luftfartsstyresmaktene. Denne førespurnaden blir no nærare drøfta av Forsvaret og Luftfartstilsynet.

Regionale utviklingsfora

Samferdselsdepartementet stiller seg positivt til det arbeidet Avinor har sett i gang med å etablere regionale utviklingsfora for å etablere nye flyruter. Dette kan medverke til å trekkje fleire utanlandske turistar til Noreg og såleis styrke reiselivet og medverke til regional utvikling. Samferdselsdepartementet føreset at Avinor og partane held seg innanfor EU/EØS-statstøtteregulverket for oppstartsstøtte til nye flyruter.

Konsultasjonsordningar

Samferdselsdepartementet vil vise til Avinor så å seie er eineleverandør av flysikringstenester i Noreg, og også i stor grad eineleverandør av lufthamntenester. Kundane til Avinor har difor få andre tilbydarar å gå til dersom dei er misnøgde med tenestene frå Avinor.

Samferdselsdepartementet vil i denne samanheng vise til konsultasjonsordningane som Avinor har etablert med representantar for brukarane. Departementet finn det positivt med det samarbeidet Avinor har etablert med flyselskapa for å snu den negative utviklinga innan punktlegheit.

Tilgjenge

Regjeringa har som målsetjing at transportsystemet skal være tilgjengeleg for alle. Luftfarten har lenge lege langt framme når det gjelder å ivareta omsynet til reisande med redusert funksjonsevne. Dette ansvaret har i stor grad blitt ivareteke av flyselskapa i samarbeid med lufthamnene. Under føresetnad av at EU-forordninga om lufthamnenes ansvar for å ivareta rettane til funksjonshemma passasjerar og passasjerar med redusert mobilitet under flyreiser blir innført i EØS, vil Avinor som lufthamneigar få eit formelt ansvar på dette området, jf. kapittel 3.2.

5.6.4 Tilbringarteneste, miljø og samfunn

Tilbringarteneste

Samferdselsdepartementet finn det negativt at kollektivdelen for reiser til og frå Gardermoen kan sjå ut til å ha vorte redusert dei seinaste åra. Samferdselsdepartementet vil likevel vise til at ein viss nedgang har vore venta, og at kollektivdelen framleis ligg over målet i reguleringsplanen på 50 prosent.

Denne vurderinga er basert på tal frå Avinor. Samferdselsdepartementet er kjent med at tal frå andre kjelder viser noko lågare kollektivdelar, men også i desse kjeldene ligg kollektivdelen over 50 prosent.

Departementet vil elles vise til at talet på parkeringsplassar innan reguleringsområdet på Gardermoen framleis ligg under taket på 14 000 parkeringsplassar i reguleringsplanen, også etter at det nye parkeringshuset er ferdig.

Samferdselsdepartementet legg til grunn at Avinor også i tida framover, med dei verkemidla som står til rådvelde for selskapet, framleis skal arbeide for å leggje forholda til rette for at reisene

til og frå lufthamnene kan gå føre seg med kollektive transportmiddel. Spesielt er det eit mål at Oslo lufthamn, Gardermoen skal ha ein kollektivdel på 50 prosent. Samferdselsdepartementet vil følgje utviklinga nøye.

Miljø

Miljøbelastinga frå luftfarten er i hovudsak knytt til utslepp av klimagassar, støy og utslepp av kjemikalier.

Samferdselsdepartementet har merka seg det arbeidet som går føre seg i Avinor i samband med utslepp av kjemikalier og førebyggjing av støy.

Når det gjeld støy, viser Samferdselsdepartementet til arbeidet med ny støyforskrift for Oslo lufthamn, Gardermoen, jf. omtale i kapittel 3.2. Samferdselsdepartementet vil òg vises til rapporten «Fornytt satsing mot støy» der det blir gitt innspel til departementa om nasjonalt støymål, ambisjonsnivået i forureiningsforskrifta og utkast til ein handlingsplan mot støy. Rapporten er utarbeidd av fleire statlege direktorat, etatar og organisasjonar - mellom anna Avinor og Luftfartstilsynet. Regjeringa evaluerer no det nasjonale støymålet, ambisjonsnivået i forureiningsforskrifta og vil leggje fram ein handlingsplan mot støy. Resultatet av dette arbeidet vil kunne få verknad på arbeidet med støy i luftfartssektoren.

Innanlands luftfart er pålagt CO₂-avgift. Samferdselsdepartementet deltek i eit arbeid der målet er å kome fram til globale verkemiddel for å redusere utsleppet av klimagassar frå luftfarten. Arbeidet går føre seg i regi av FN-organisasjon for sivil luftfart (ICAO). Avgifter og kvotehandel er aktuelle verkemiddel. EU-kommisjonen har varsla eit initiativ for at luftfarten skal takast med i systemet for kvotehandel i EU.

I St.prp. nr. 1 (2006-2007) Skatte- avgifts- og tollvedtak har Regjeringa foreslått å innføre ei generell avgift på NO_x-utslepp. Avgifta vil òg omfatte innanriks luftfart.

Tredje rullebane ved Oslo lufthamn, Gardermoen

Ifølgje ein rapport som Norconsult har utarbeidd på vegne av Samferdselsdepartementet, vil det før eller seinare bli behov for ei tredje rullebane ved Oslo lufthamn, Gardermoen (Vurdering av behovet for en eventuell tredje rullebane ved Oslo lufthavn, Gardermoen, Norconsult 2005). Ifølgje rapporten vil behovet mest sannsynleg oppstå i perioden 2020-2030.

Samferdselsdepartementet vil vise til at saka

om ei tredje rullebane ved Oslo lufthamn, Gardermoen reiser omfattande og kompliserte problemstillingar. Rapporten frå Norconsult var på høyring i sommar. Samferdselsdepartementet er no i ferd med å gjennomgå og vurdere dei tilbakemeldingane departementet fekk i høyringa. Som eit ledd i dette vil departementet vurdere om det er behov for å hente inn nye opplysningar.

5.6.5 Flysikkeringsstenesta

Behovet for flygeleiarar

Luftfarten spelar ei viktigare rolle i transportmønsteret i Noreg enn i dei fleste andre europeiske land. Når luftfarten blir lamma som følge av for eksempel driftsavbrott i flysikkeringsstenesta, fører dette til at det norske samfunnet står stille på mange viktige område. Dette går òg ut over Forsvaret som er avhengig av flysikkeringsstenester frå Avinor. For Samferdselsdepartementet er det ikkje akseptabelt at vesentlege delar av norsk samfunnsliv blir råka på denne måten.

For Samferdselsdepartementet er det viktig at Avinor har tilstrekkeleg kapasitet i flysikkeringsstenesta, slik at både sivil og militær luftfart får eit tilfredsstillande tilbod av desse tenestene. Samferdselsdepartementet har merka seg at Avinor no har revurdert behovet for flygeleiarar, og at selskapet har sett i verk tiltak både kort og lang sikt for å sikre kontinuerleg drift i flysikkeringsstenesta. Departementet har òg merka seg at Avinor har sett i verk tiltak for å betre det interne samarbeidsklimaet i selskapet.

For Samferdselsdepartementet er det òg viktig at flysikkeringsstenesta har ei tilfredsstillande kostnadsutvikling over tid. Undervegsavgifta skal finansiere undervegstenesta. For nærmere omtale av undervegstenesta sjå boks 2.1. I mai 2006 såg Avinor for seg at det ville vere tilstrekkeleg med ein auke i undervegsavgifta på 5,0 prosent, men mellom anna som følge av lønnsoppgjæret for flygeleiarar våren 2006, har Avinor funne å måtte foreslå ein auke på 17,0 prosent. For dei andre avgiftene foreslår Avinor ein nedgang, slik at det gjennomsnittlege avgiftsnivået likevel blir foreslått redusert med 5,1 prosent.

Takstregulativet er no til behandling i Samferdselsdepartementet. Departementet vil peike på at forslaget frå Avinor inneber ein sterk vekst i undervegsavgifta i ein situasjon der dei andre avgiftene går ned som følge av vekst i talet på passasjerar. Samferdselsdepartementet vil understreke at det er viktig at Avinor held fram arbeidet med å effektivisere flysikkeringsstenesta, slik at ein

etter kvart kan få ei positiv utvikling i avgiftsnivået også på dette området. Effektiviseringsarbeidet må likevel gå føre seg i forståing med dei tilsette og på ein måte som sikrar stabil drift.

Samferdselsdepartementet vil følgje situasjonen innan flysikkeringsstenesta nøye i tida framover, både med omsyn til utviklinga i kapasiteten og utviklinga i kostnadene.

Det felleseuropeiske luftrommet

Den einskaplege sertifiseringa av operatørar av flysikkeringsstenester innan det felleseuropeiske luftrommet vil vere med og leggje forholda til rette for at det kan utviklast ein marknad for flysikkeringsstenester innan Europa, jf. kapittel 3.3. Av regelverket for det felleseuropeiske luftrommet følgjer det at Samferdselsdepartementet skal vurdere om Avinor skal givast formell einerett til å yte dei lufttrafikktenestene selskapet yter i dag, eller om ein skal opne for andre operatørar.

I § 10-planen opplyser Avinor at delar av flysikkeringsstenesta alt i nær framtid teknisk sett kan drivast av andre operatørar enn Avinor, og at tenestene i framtida heller ikkje må drivast frå Noreg, jf. kapittel 5.5. Booz Allen Hamilton-rapporten sår likevel i tvil om det i løpet av så kort tid vil eksistere ein marknad for denne type tenester i Europa, jf. kapittel 2.

I høyringsforslaget frå Samferdselsdepartementet til gjennomføringsregelverk for det felleseuropeiske luftrommet i norsk rett, jf. kapittel 3.2, har Samferdselsdepartementet gått inn for at Avinor skal peikast ut som eineleverandør av undervegs- og innflygingstenester i Noreg. Når det gjeld tårntenester, blir det opna for at lufthamneigarane sjølve kan velje operatør. Bakgrunnen for dette er at Samferdselsdepartementet ikkje har ønskt å påleggje ikkje-statleg lufthamner – som Sandefjord lufthavn, Torp, som i dag kjøper tårntenester frå Avinor – å nytte Avinor. Dette fører òg til at dei ikkje-statlege lufthamnene som i dag driv si eiga flygeinformasjonsteneste, vil kunne halde fram med dette. Dersom andre operatørar enn Avinor skal kome inn, er det teke atterhald om at behovet til det offentlege for å sikre kapasitet og kompetanse for sivil og militær luftfart i fred, og ved krise og krig, kan ivaretakast.

Samferdselsdepartementet legg med dette ikkje opp til ein omfattande konkurranse om lufttrafikktenester i Noreg. Samferdselsdepartementet vil likevel vise til at den beste måten Avinor kan sikre at selskapet kan levere flysikkeringsstenester i Noreg også i framtida, vil vere å drive desse

tenestene like effektivt som operatørar elles i Europa.

Samferdselsdepartementet tek sikte på at Noreg skal ta aktivt del i arbeidet med utviklinga av dei funksjonelle luftromsblokkane for å sikre ei mest mogleg effektiv drift av lufttrafikktenestene i Noreg. Dersom delar av norsk luftrom skal kontrollerast frå andre land, må det takast atterhald om at behovet til det offentlege for å sikre kapasitet og kompetanse for sivil og militær luftfart i fred, og ved krise og krig, kan ivaretakast.

Samferdselsdepartementet kan ikkje sjå at det felles avgiftsregelverket for lufttrafikktenester som no er vedteke, vil gi vesentlege konsekvensar for takstregulativet til Avinor eller for den måten desse tenestene blir finansiere på i dag. Dette tyder at innflygings- og tårntenesta på lufthamnene til Avinor framleis kan finansierast gjennom meir generelle lufthamnavgifter og andre inntekter i Avinor, og at kryssubsidieringa innanfor innflygings- og tårntenestene til Avinor kan halde fram. Regelverket vil difor primært gjelde for undervegsavgifta. No er det likevel slik at EU-regelverket for denne avgifta i stor grad byggjer på regelverket for Eurocontrol, der Noreg har vore medlem sidan 1994 slik at det heller ikkje her vil bli store endringar.

Forsvaret har i dag generelt avgiftsfritak i takstregulativet til Avinor. Forsvarets bruk av flysikringstenester blir finansiert i tråd med avtaleverket mellom Forsvaret og Avinor. Det avgiftsregelverket som no er vedteke, inneber at Forsvaret

må ta til å betale undervegsavgift for militære flygingar med sivile fly. Elles er det Samferdselsdepartementet si vurdering at ein utover dette ikkje treng å endre det avtaleverket ein har i dag som følgje av det nye avgiftsregelverk.

Samferdselsdepartementet vil vurderer korleis norske styresmakter skal delta i forskings- og utviklingsprogrammet innan det felleseuropeiske luftrommet (SESAR). For norske styresmakter er det viktig å sikre at norske interessentar kan delta i dette prosjektet på like vilkår med andre land.

Talet på kontrollsentralar

Styrevedtaket i Avinor i september 2006 inneber at færre funksjonar og årsverk blir overflytta til Stavanger samanlikna med ein situasjon der den såkalla matesektorfunksjonen for Austlandet òg hadde vorte overført til Stavanger. Kontrollsentralen i Røyken vil dessutan bli lagd ned noko seinare enn opphavleg planlagt.

For Samferdselsdepartementet er det eit overordna mål at Avinor skal drive flysikringstenesta på ein mest mogleg sikker og effektiv måte. Innan denne ramma er det departementet si vurdering at styret har ansvar for å organisere drifta av flysikringstenesta slik at dette målet blir nådd. Samferdselsdepartementet har likevel merka seg at det står fast at Noreg skal ha to kontrollsentralar i framtida, ein i Stavanger og ein i Bodø. Samferdselsdepartementet viser elles til ei fylldigare omtale av denne saka i St.prp. nr. 1 (2006-2007).

6 Avkastingskrav og utbytte

6.1 Verdivurdering av Avinor

Ekstern verdivurdering

I samband med danninga av Avinor AS vart det gjennomført ei uavhengig verdivurdering av selskapet og lagt fram ein tentativ opningsbalanse for selskapet, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2002-2003) og B.innst.S.nr. 13 Tl.01 (2002-2003).

Verdivurderinga og opningsbalansen bygde på ein føresetnad om at heile underskottet ved dei lufthamnene som er omfatta av ordninga med statleg kjøp, skulle dekkjast av staten. I førre eigarmelding vart det lagt til grunn at dette underskottet skulle kunne dekkjast både gjennom statleg kjøp og intern kryssubsidiering i Avinor, jr. St. meld. nr. 36 (2003-2004) og Innst. S. nr. 262 (2003-2004). For 2006 og 2007 har ikkje Samferdselsdepartementet funne det nødvendig å løyve midlar til statleg kjøp.

Revisjonsselskapet Deloitte AS utførde på oppdrag av Samferdselsdepartementet ei ny verdivurdering av Avinor i desember 2005. Deloitte vurderte samstundes avkastingskravet til Avinor. Verdivurderinga har hatt som føresetnad at Samferdselsdepartementet ikkje løyver midlar til statleg kjøp.

Etter at denne verdivurderinga vart lagd fram, kom det fram nye opplysningar som ikkje var kjende då Avinor la fram § 10-planen i mars 2006. Deloitte gjorde difor ei oppdatering av verdivurderinga i oktober 2006. Verdsetjingstidspunktet i oppdateringa vart oppretthalde som 1. januar 2006. Verdivurderingane følgjer meldinga som utrykte vedlegg.

Verdien av eigenkapitalen i konsernet Avinor er berekna til 8,3 mrd. kr. I dette er verdien av verksemda i konsernet Oslo Lufthavn AS berekna til 28,9 mrd. kr, medan verdien av resten av verksemda i Avinor er berekna til minus 14 mrd. kr. Korrigert for finansielle aktiva og forpliktingar pr. 31.12.2005 utgjer eigenkapitalverdien i konsernet Oslo Lufthavn 20,4 mrd. kr, og i rest-Avinor minus 12,1 mrd. kr.

Den verdien som er berekna, ligg noko over den bokførde eigenkapitalen i konsernet. Dette viser at det har vore ei positiv utvikling i verdien av selskapet sidan det vart etablert. Verdivurde-

ringa viser samstundes ei større spreiding i verdiane mellom Oslo Lufthavn AS og resten av Avinor enn tidlegare. Dei nye prognosane og verdiberekninga viser difor tydeleg den kryssubsidieringa som må gå føre seg frå Oslo Lufthavn AS til dei mindre og mellomstore flyplassane i morselskapet Avinor AS.

Den berekna verdien er sensitiv for endringar i føresetnadene, spesielt utviklinga i avgiftene. Til grunn for den berekna verdien ligg føresetnader om at Samferdselsdepartementet gir Avinor rammevilkår gjennom fastsetjinga av takstregulativet som er slik at konsernet samla sett oppnår ein rimelig avkastning på den investerte kapitalen.

